UNGAR

Litle Eirik og grisen

Vondt samvit

Han Nils, som gjekk tilskogs

UNGAR

FORTELJINGAR

AV

RASMUS LØLAND

BERGEN

UTGJEVET AV MONS LITLERÉ

1892

PRENTAD HJAA J. W. EIDE

Litle Eirik og grisen

Det var haust, og utpaa ein gulnande aaker paa sletta stod der skurfolk liksom ein flokk av svarte kraaker, medan eitpar mannfolk lenger burte sette korne paa staur.

Der var mykje aaker, som var skjerna paa ein gong, so dei maatte skunda seg med skuren. Alle, som fans i huse, var med paa aakeren, og dertil hadde dei mange leigekjeringar. Sjølv ho mor og han vesle Eirik, den yngste av gutarne, var der, og heime stod stova tom og lukt. Eirik var for liten til aa bruka sigden endaa; men han kunde plukka upp aks, som var neddotne, der kararne støyrte, og springa smaa-erind, og vart han leid af det, so prøvde han seg i karstykkje. Han prøvde aa setja upp staurar liksom dei vaksne og hoppa yver dei lange rekkjor av kornband, som skurfolka sette upp. Dette heldt han just paa med, daa far hans med eit ropte burtpaa aakeren: »Eirik!«

»Hei — her!« svara Eirik.

»Spring heim etter tobaksrullen min i hylla — lat meg sjaa, kor snar du kan vera!«

»Ja, ja!« svara Eirik, og daa alle dei vaksne kararne just stod og saag paa han, so gjorde han nokre dugeleg karslege hopp og sette avstad som ei pil.

Men det var ikkje rett lengje, fyr han sakka litt paa farten. Aakeren, dei skar paa, laag eit godt stykkje utpaa bøarne utanfor ein høg haug. Naar ein var heime kunde ein difor ikkje sjaa derut, og han kom no ihug, at der ikkje fans folk heime. Berre tome husa var der, og han hadde aldri i sine dagar vore plettandes aaleine heime i husa fyrr. Det var difor ikkje fritt for, at han vart noko underleg tilsinns, daa han var komen framum haugen, so han ikkje lenger saag atti folka paa aakeren. Husa derheime stod so underleg store og myrke og stille. Ikkje det mindste livande var aa sjaa — ikkje eingong katten, og vindaugo og gluggarne i husa stod og glodde imot han liksom store augo. Sistpaa var det radt so det laga seg til eit stort andlit med nos og augo og stor kjeft paa kvar husvegg. Hm . . . Han sakka meir og meir paa farten. Han var nærved aa snu beint um att; men so kom han ihug, at han far kunde verta vond, naar

han ikkje kom med tobak, og endaa verre: kararne kunde koma til aa læ aat han! . . . Nei, han laut vaaga seg lell, og so knytte han neven i lommen og sputta og sa: »Aa skitt paa det — her er gut, som ikkje er rædd her!« Og so tok han mod og mannshjarta til seg, trampa hardt i vegen og stemnde byrg heimyver bøarne og inn millom husa — framum eldhuse, framum vedskjole, framum grisehuse. Og skulde det nokon stad trengjast aa vera modug, so var det der. Uppaa veggen var der ei rund blaagrøn glasruta, som glodde so fælslegt paa han, og best som han gjekk, høyrde han pusting og snorking fraa grisen sjølv ut gjenom ei rivna. Og grisen - – det var det fælaste, han visste. Stor og stygg var han og so vond i seg, at han sprong etter smaaungarne med gapande kjeften, so snart han slapp ut. Eirik hadde sjølv vore ute for han eingong, og det gløymde han ikkje so svint. Det var eingong her i sumar. Dei hadde ikkje havt jarnkroken skikele for døra i grisehuse ein dag, og so hadde styggen mort seg ut. Og fyr Eirik visste orde av, kom grisen og støytte han ikoll beint burti pytten der . . . Huh! Det var radt so det foor kaldt i han aa minnast det. Og kven visste, um kroken var so fullsikkert for døra idag helder? So modug han enn var, so tok han likevel til aa trø varsamt og stilt og sjaa seg godt ikring her att.

Soleis kom han godt og vel framum utan aa vekkja styggen; men just som han tok til aa kjenna seg trygg og skulde springa um staburs-nova, knakk ein kvist under eine foten hans, og meir skulde der ikkje til. Grisen stokk upp med eit skræmelegt gruff og tok til aa gryla og klaa seg og riva paa døra, so det knaka og knast. Uff! Med nokre hopp var Eirik burti kjøkendøra paa baksida av stova, smatt inn og lukte att etter seg. Den styggen — han var nok galen av svolt og no, attaat han var vond. Eirik hadde høyrt ho mor klaga seg utpaa aakeren, at det vart forlengje, fyr grisen fekk mat no; men ho totte ho hadde 'kje tid til aa gaa heim og gjeva han, fyr ho gjekk og kokte tilkvelds.

Ei stund etter kom guten ut att gjenom gongdøra paa andre sida, og no hadde han nok gløymt all fælska og uro for grisen; for han mulla og song, medan han tok dugelege bit av eit kakestykkje med fløyte paa, som han sikkerleg hadde funne inni hylla. Daa fekk han auga paa den store trehesten sin burtpaa staburstroppa. *Den* maatte han ha med seg. Med eit sprong foor han attende etter 'n og hengde han etter eit band paa ryggen. Idetsame høyrde han ei svær ramling burte millom husa — liksom burtved vedskjole. Kvaslag, kanskje det var kararne, som

var komne heim etter staurar? Han sprong fram for nova — men som ein gneist stokk han attende og var nærved aa daana av rædsla. Det var grisen, som rumla! Han hadde letta heile døra av jarne og var komen ut og heldt no paa aa riva ned ein heil hurv med staur burtved vedskjole. Og i same blinken fekk han auga paa Eirik, sette i eit fælt gruff og hoppa ende upp! »Hu, hu!« kvein Eirik og spratt endaa høgare. »Gruff, gruff!« sa grisen og gjorde eit tverrkast, og so kom han i tenjande spronge!

»Hu . . æ . . æ!« Det var nærved aa kjøva seg fast i halsen paa Eirik, og so byrja der ei vill røming og ei likso vill etterfyljing. Eirik kunde sikkert ha berga seg upp paa staburstroppa og kanskje burtaat kjøkendøra og; men i denne rædsla saag han korkje tropp elder dør. Han foor framum stabursnova og burtyver tune mot løda paa live laust. Der saag han ikkje løtroppa, men foor beint frametter smoge millom løda og grisehuse med slik fart, at han var nærved aa renna beint paa ein stor stabbe, som stod der. Men um han foor fram med stor fart, so kom grisen etter med endaa større. Han hala stygt inn paa honom; men daa styggen kom aat smoge, brukte han endaa minder augo sine enn guten. Han var so uppøst, at han rende drust paa stabben

med eine bogen, sette i eit kvin og vart stansa litt. Dette var den gode lukka for Eirik. Han fekk fyremun og kom framum nova i øvre enden paa løda, og daa grisen kom der, var guten komen framum den andre nova. Daa stansa grisen og saag seg ikring med runde augo, og paa den andre sida av nova var guten *og* stansa og saag seg ikring med avskræmde augo. Han høyrde grisen pusta og blaasa. I neste augeblik kunde han koma, og han kunde ikkje sjaa nokon stad til aa berga seg. Her var berre slette veggen langsetter heile løda . . . Jau, der var ein utveg, likevel! Burtved aakerreina litt innanfor løda stod der ein stor stein — kunde han berre naa den! Han drog pusten langt, beit tennerne saman, saag korkje til høgre elder vinstre — og so tok han paa sprange burtyver. Her var ikkje fleire ting aa velja i. Grisen hadde kanskje teke til aa gløyma guten no, elder han var ikkje gløgg nok; for han saag ingenting, fyr Eirik var komen langt burtpaa marka. Daa sette han nok ut eit gruff og pila avstad; men Eirik hadde no so stor fyremun, at det ikkje var spelegt. Han sette i eit skrik liksom høna, naar ho skal fjuka, og var komen lukkeleg upp paa toppen av steinen, fyr grisen naadde burtaat 'n. Han var berga! No kunde han graata ut i fred etter rædsla, og han

slengde seg ned og pusta ut. Daa grisen ikkje kunde naa i han, tok han til aa gaa rundt steinen og gryla og sjaa upp med dei runde, stygge augo sine; men han kunde gaa der, solengje han vilde — herupp vann han aldri!

Langt um lengje turka Eirik taarorne, reiste seg og saag seg ikring. Grisen gjekk der endaa; men han hadde tagna no, daa han saag, han ikkje kunde koma lenger. Tvi, det var maata aat han, trolle, no kunde han gaa der og snuta! Eirik kjende seg so trygg og so glad, der han stod og tenkte paa den fæle faaren, han var komen or, at han svinga seg ikring og sputta nedyver. Og no uppdaga han ogso, at det var ein rett gild plads denne steinen, han var komen uppaa. Der var flatt og fint og dekt med mjuk mose og grastorv, og der voks raunar og smaa-bjørker. Frampaa den ene sida voks der ein heil liten skog av bringebærris og der raudna det av saftuge bær innunder lauve. Midt paa steinen laag ein hop av smaastein, som han kunde byggja hus av, um han vilde. Og umfram alt dette hadde han kniven sin med seg i trøyelommen og eit eple og den fine litle tredaasen sin og endeleg trehesten. Denne hadde honge fast etter bande rundt halsen, og han hadde ikkje fengje tid til aa kasta 'n fraa

seg, daa han sprong. Han kunde ha det svert gildt og hyggjelegt her paa steinen med alt dette.

Han tok fyrst til aa eta bær av hjartans lyst; sidan bygde han hus aat hesten og skar seg ein stav, og han kjende seg so glad og velnøgd, at han tok til aa mulla og syngja til arbeide. Og medan han stulla med smaasteinarne, fann han paa endaa eit gildt moro: han gjekk frampaa kanten av steinen, heldt seg fast i ei bjørk og tirra upp grisen med steinar og mose, som han slengde ned paa han. Hi-hi -- kor han krøkte paa seg og gruffa og sinna seg! Det skulde han ha, for han hadde skræmt honom so! — Soleis heldt han paa og hadde det rett gildt lengje og vel, snart med det eine, og snart med det andre; men kor lengje han var der, gjekk ikkje grisen orvegen. Enten han tirra 'n elder ikkje, so vart han aldri *kvitt* den styggen, som gjekk der og saag upp med dei smaa runde augo sine. Dette tok til aa verta langsamt; han tok til aa lengta etter noko nytt; men vera her laut han lell. Tru nokon av kararne ikkje snart skulde koma heim etter staurar? Han kika utyver. Nei, der kom ingen, og han kom no ihug, at der var staurar i eit hus utpaa bøarne. So tok dei vel der. Det kunde soleis henda, at der ikkje kom nokon heim til aa jaga grisen burt, fyr ho

mor kom og skulde koka grauten tilkvelds. Men det kunde verta lengje tildess — i timevis. Ho kom nok ikkje fyr sola var gjengi ned, og sola stod endaa eit godt stykkje uppe. Men naar han no ikkje kom att med tobak, maatte dei so ikkje koma heim og sjaa etter han, einkvar? Aa — hm — det var ikkje so visst det helder. Dei tenkte vel, at han hadde gløymt det, han skulde gaa etter, og at han var gjengen ned til smaagutarne paa grannegarden. Han mintest med samvitsagg, at han stundom hadde gjort slikt tyrr. Og han far visste seg vel ei raad til aa faa ei skraa tobak av einkvar av kararne, naar han ikkje kom att med rullen . . . Til lenger han tenkte, til meir stengde vart alle utvegjer til aa koma herfraa. Men so kom han paa eit: naar han no lagde seg godt i skjol for grisen, skaltru han daa ikkje skulde gaa orvegen og attende aat tune og gløyma honom? Og var grisen komen vel burt paa den andre sida av løda, so kunde det kanskje verta raad til aa lura seg ned av steinen og koma herfraa. Strakst innanfor steinen laag Storaakeren, og der var korne nettupp skore og sett paa staur. Der stod staur ved staur som ein stor, tett skog yver heile aakeren. Kunde han berre koma inn millom dei, so maatte det vera lett gjort aa gjøyma seg burt, so grisen aldri saag han meir; og innanfor aakeren

var der haugar og skog, so ein kunde gaa i skjol heile vegen utyver til skurfolka. Daa han hadde set paa dette ei stund, lagde han seg flat ned midt paa steinen. Det var liksom ei lita dokk i mosen der og nokre buskar ikring. Det var soleis uraad, at grisen kunde sjaa atti han, og han vart liggjande still som ei mus. Ei god stund etter reiste han ljodlaust paa seg og kika ut millom lauve. Han hadde ikkje høyrt grisen paa ei heil æva no, men daa han skulde til aa sjaa, so hadde grisen *og* lagt seg og laag liksom han og venta! Daa vart han sint — flintande sint. Han sprang upp og treiv ein stein, den største han kunde finna, og slengde lukt i snuten paa grisen; men han rømde ikkje langt for det. Han berre gruffa stygt og kom strakst attende. Og likeeins var det, kor mykje Eirik kasta stein. Skulde ein set paa slikt udyr! Det var reint raadlaust altihop. Graaten vilde up i halsen paa guten att av sinne og harm, og han sette i aa ropa paa folka utpaa aakeren; men det svara berre burti veggen paa løda og uppi fjella, og so vart det stilt att. Folk var helder ikkje aa sjaa elder høyra nokon verdsens plads. Han ropte upp att endaa høgare. Nei ikkje noko svar aa høyra no helder, og han skyna strakst, at det ikkje var ventandes, dei kunde

høyra han so langt — alt utanfor dei høge haugarne. Og sjølv um dei høyrde noko gaula, so kunde dei ikkje vita, at det plent var han. — Der var ingen, ingen ting aa gjera anna enn aa slaa seg til ro og venta. — Der var vidt utsyn fraa steinen, der han stod. Han kunde sjaa uppetter alle bøarne og lidarne og fjella, og han kunde sjaa innyver haugarne og bakkarne langt austyver fraa Storaakeren. Det var blenkjande solskin derinne, medan løda tok til aa kasta skugge yver steinen her. Han hadde aldri i sit liv set, at det var so fagert der innetter haugarne og bakkarne som no. Der var kanskje gjætarguten med saudarne *og* nettupp no, og der var sikkert mogne neter og tytebær aa finna. Det var radt so han totte han saag det raudna i ein solbakke, og det var kanskje av tytebær! Aa Gud, kor det skulde vore gildt aa vore derinne i solskine no og vore fri! Det vart meir lokkande og fagert, til lenger han saag og tenkte paa det. Best som han stod, var det nett liksom han høyrde noko hauka derinne og. Kven visste, kanskje det var smaagutarne fraa grannegarden, som var derinne med gjætarguten og henta bær. Og her laut *han* sitja botten og liksom paa straff i det endelause, medan alle andre var fri og hadde det gildt og morosamt! . . . No brast graaten radt fram.

Der var endaa bringebær i mengd burti rise, og han hadde hesten sin og kniven og alt aa moroa seg med; men det var som visna for han altsaman, daa han no saag paa det att, og han snudde seg fraa det med sure augo. Det var ikkje moro i nokon ting her lenger, naar han laut sitja botten, og berre laut sjaa paa den grisen. Og soleis skulde han lota sitja radt tilkvelds! Det var ikkje til aa halda ut. Han slengde seg gruv ned paa mosen og stridgret, han sparka med føterne og grov med fingrarne i mosen og turka seg so i augo, so han vart skiten og svart som ein kolbrennar.

Daa høyrde han noko tusla burtved løda. Han saag upp, og med eit rykk stansa han graaten og laag daudstill. Grisen — det var han, som var komen derburt! No stakk han tryne burtum nova paa løda . . .

Eirik anda snaudt, medan han stirde etter 'n. Kanskje det endeleg skulde laga seg . . . Nei — so svint vart det no ikkje, lell. Daa grisen hadde stukke hovude burtfor nova, vart han staaande soleis og rota nedfor seg i sju lange og sju breide. Den dau-branden! Jau endeleg tok han til aa dra paa seg att, men seint som ein snegel. No var halve kroppen burtum løda . . . no stakk berre bakenden fram . . . no berre

den krulla rova; men so vart det ein stopp i det att. Hjarta aat guten tok til aa banka; han reiste seg ljodlaust upp, hengde trehesten etter bande paa ryggen — det kunde altid vera gildt aa ha 'n med — og stakk daasen og knivstelle i lommen for aa vera ferdug paa alle voner. Hadde han no berre vore burtpaa aakeren millom den tette skogen av staurar, so skulde han alt vore fri, fri! Men endaa stakk rova derburte fram og vart staaande soleis og dirra og dirra i det endelause, medan grisen rota; og solengje styggen ikkje var komen skikkeleg burtum løda, var det ikkje vaagande aa gaa ned av steinen. Millom kornstaurarne og steinen var der ei lita opi flaat aa koma yver. Det var det, som var knipetake, og skulde han vaaga det, so laut han vera nokorlunde trygg. — At den rova aldri kunde koma vek eingong! No hadde han sta' og venta so lengje, at han sikkert kunde ha rekna til tri hundre; men endaa var ho der. Det var som sjølve . . . Han hadde sonære sett til aa banna; men so kom han til aa tenkja med seg sjølv: med den vesle rova kunde daa grisen aldri *sjaa* elder høyra noko, og det skulde vera so ovende svint aa springa yver den litle flaata aat aakeren. Han kunde gaa soleis, at steinen skjolte han heile tida og, og i aakeren var det trygt. Og skulde

han staa her endaa lenger og venta, so kunde det henda, at grisen sistpaa kom att! So ille maatte han ikkje stella seg. — Han brann av utaalmod, han stod som paa naaler og kjende seg sterk og modug etter den lange kvilda, og so steig han ljodlaust ned og vaaga spronge. Paa den mjuke marka kunde han snaudt høyra sine eigne stig, og som ei pil foor han yver og inn millom kornstaurarne.

Litt forbina saag han seg ikring. Kornstaurarne stod ikkje so tett her ved aakerreina, som det saag ut til, daa han stod paa steinen. Dei stod nokre alner fraa einannen; men der, litt lenger burte, tjukna dei som ein furuskog. Han gjorde eit tverrsprong for aa koma i sikkert skjol strakst; men — daa han kom derburt, so stod ikkje staurarne tettare der. Dei saag helder ut til aa vera endaa meir spreidde. Der var opningar mest so vide som stovegolv millom dei, og det som verre var: daa han skulde til aa sjaa, so var der eit gap millom staurarne beint bak han, so han kunde sjaa radt burtaat aakerreina og nova paa løda. Og han saag meir enn nova. Han saag griserova, som stakk fram som fyrr — han saag heile bakenden av grisen . . . Skulde ein set! . . . Han beit tennerne saman og foor paa tvisprong burt millom staurarne eit stykkje. So vaaga han aa

sjaa bak seg att; men istadenfor aa vera komen burt fraa det uhuglege syne var han no komen fram for ei annor opning, og no var grisen komen heilt fram for nova og stod som um han lydde etter. Uff daa! . . . Han stokk so han spratt upp som ein grashopp og foor paa ville spronge innetter; men det gjekk no som fyrr: daa han var eit stykkje ifraa, saag han svære tjukningar av staurar, men daa han kom der, løyste dei seg upp i einstaka staurar og ingenting. Og her paa aakeren var det uraad aa koma so stilt fram som paa marka. Det tusla og knakk i dei turre stubbarne stødt, og dette høyrde nok grisen; for Eirik høyrde med eit eit gruff, eit av desse skræmelege gruff, som han kjende so vel, og med det same saag han eit skimt av grisen i full fart innyver flaata aat aakeren. Han hadde nok alt set honom og kom! . . .

Gu' hjelpe . . . korleis han hadde stelt seg! Sveitten sprong fram yver heile kroppen paa han; han fekk skjelving i knea, so han var nærved aa snofla ikoll i kvar liten stein, medan han kava og sprong.

Kva i verda var slikt — korleis hadde han set, daa han sat paa steinen og totte her var so tett med staur og so lett aa gjøyma seg? . . . No høyrde han gruff etter gruff utpaa aakeren

bak seg, og best som det var, saag han atti grisen burte millom staurarne. So kom han burt att, og han høyrde berre det tusla, der styggen rende fram og beit i korne; men fyr han visste orde av, stakk tryne og dei stygge augo aat grisen fram i ei ny opning endaa nærare. Og like langt fraa einannan stod staurarne endaa! Skulde dette halda paa lengje, so orka han snart ikkje aa laupa unda lenger. Vatne sprong fram i augo hans, og han vilde til aa skrika . . .

Nei, han heldt seg lell — han maatte halda ut endaa litt. Han var just komen fram i ei opning, som var noko større enn vanleg, rundt ein bergknaus midt i aakeren — daa augna han berging! Han hadde ikkje set skikkeleg etter, daa han sat paa steinen. Det var ikkje fyr ein kom inn paa den austre kanten av aakeren, at staurarne stod so tett; men der stod dei og tett, so det munde — det saag han no. Det maatte vera berre sovidt ein kunde koma fram millom dei der. Kunde han berre koma der! Han sprong og pusta som ein belg og gjorde svinte tverrspring.

Paa denne maaten fekk han noko fyremun att. Han hadde paa ei heil stund ikkje set noko til grisen no; men han høyrde 'n endaa, han høyrde, at han fylde. Og endaa var opning-

arne millom staurarne so store, at det ikkje kunde vera snakk um noko trygt gjøymsle. Endaa vaaga han ikkje aa stansa og pusta ut litt eingong, og vidare traava han . . . Daa stoppa han med eit upp — stirde framfor seg med uppspilde augo og var paa nytt lag nær ved aa setja ut eit skrik av rædsla. Han var komen til endes paa aakeren, og so stod staurarne likso langt fraa einannen her som uti den andre enden! Og innanfor aakeren byrja ikkje haugarne og tett bjørkeskog, som det hadde set ut til fraa steinen. Det var opne bøar med ei bjørk her og der, og solskinshaugarne derinne var mest likso longt burte no, som daa han var paa steinen. Her fans ikkje von um aa finna nokon utveg elder sikkert gjøymsle, og no gruffa grisen nærare og nærare . . . Han visste sistpaa ikkje anna aa gjera, enn aa gjøyma seg skjelvande innunder den stauren, han stod attved.

So godt han kunde kraup han saman under kornbanda og pusta ut, og han hadde ikkje lege lengje der, fyr han høyrde grisen riva og ruska i ein staur tett ved. So vart det daudstilt, som um grisen stod og lydde og leitte etter han, og kor lett kunde ikkje udyre høyra han her! Det tusla i halmen, um han berre rørde paa ein fing. Han vaaga snaudt aa pusta. Der

gjekk styngjer av skjelving og brennande hite gjenom han. Han fekk trong til aa hosta, og paa same tid tok det til aa svida og verkja i alle lemmer og ledar av, at han laut staa so krokut og brennande stilt. Det var so fælt, at han sistpaa radt tok til aa letta paa seg og tenkte paa aa springa fram og skrika ut, korleis det so gjekk, um det var til liv elder ikkje . . . Men idetsame høyrde han grisen att, og med letna bryst seig han ned att og tagde og pusta ut: denne gongen lyddest ruskinga eit heilt stykkje lenger burte! No vaaga han endeleg aa retta litt paa dei verkjande lemmerne og, og med det same kika han fram litt . . . Grisen var ikkje svert langt burte endaa. Han saag det dirra burti ein staur, der han reiv og rimsa, og han saag no, at her var endaa opnare millom staurarne og utryggare, enn han hadde trutt. Det saag radt ut, som um her var verre enn nokon stad, han hadde vore fyrr. Og her som det saag so *ovende* tett ut! Det var som trolldom. Det gjekk rundt i det stakkars hovude hans; men best som han stod slik og stirde med avskræmde augo, fekk han auga paa noko, som endaa kveikte ei lita von. Den nordre enden av aakeren laag noko høgare uppetter ein liten bakke, og millom staurtopparne saag han no, at deruppe var so tett med

staur, at ein aldri kunde sjaa nedpaa marka. Kanskje det var *dit,* han hadde set, daa han stod burtved hausen midt i aakeren, og so laupe galen veg? Det var urimelegt; men det maatte eileis ha seg, og um det hadde vore narreri i det fyrr, so kunde ikkje dette vera berre hildring. Det *maatte* vera betre aa gjøyma seg der enn her — han saag det skile, topparne stod tett som ei sky! Hadde han berre vore der, aa Gud! Men korleis skulde han koma umerkt fraa stauren her og uppyver? . . . Han kika etter grisen. Gudskelov, — no var han komen endaa litt lenger burt, og sistpaa høyrde han ikkje stort til han. No laut han visst prøva aa lura seg herfraa, fyr udyre kom att! Og her var han so nære aakerreina, at han kunde springa uppyver burtpaa marka, der det ikkje tusla . . . Han stod endaa litt; men grisen var endaa ikkje aa sjaa att; — so drog han anden djupt og snikte seg avstad paa tærne . . . Stakkars gut — han skulde berre visst, kvifor det var vorte so stilt, der grisen var! Styggen stod just og gliste med runde augo og lydde etter han, og daa skulde det ikkje stor tusling til, fyr han høyrde det. Og so visste ikkje Eirik orde av, fyr han høyrde eit skræmelegt gruff att, daa han ikkje var komen yver eit halvt steinkast avstad. Han hadde noko fyremun. Han kunde springa mykje betre og no,

etter han hadde pusta ut; men det gagna alt til ingenting; — der var trolldom i aakeren no som fyrr. Daa han kom uppaat nordre enden av aakeren, var der ingen tett skog av staurar der helder, og so kom grisen. Daa kom rædsla rett for aalvore; for no fans her ikkje lenger likning til berging aa augna. At han ikkje helder stod roleg bakum stauren, so kunde han daa kanskje ha sloppe fraa det med live! Det tok til aa flimra for augo hans, og no var det ikkje snakk um aa tia lenger. Han sette i aa skrika og yla og ropa paa far og mor, so det svara i fjella; men ingen annan svara meir no enn fyrr — jau grisen. Han hoppa ende upp og kvein burtpaa aakeren, og medan han nerma seg meir og meir, trøytna Eirik, so han var um aa siga ned; han fekk paa same tid ein styng for bryste, so han var um aa missa teven. No opna udyre alt gape for aa bita yver foten hans . . .

Det var berre ein ting, som i dette augeblik kunde gjeva guten krefter til aa setja paa spronge att med full fart, og det var syne av denne opne kjæften. Med eit kvin, som var so kjøvt, at det berre var sovidt det leet i han, reiv han laus og slengde fraa seg trehesten, som no var komen til aa honga midt frampaa bryste, og var i ein blink avsyne burte millom staurarne. Grisen

sette og ut eit kvin, men istadenfor aa pila avstad stansa han litt lavøyrd. Han hadde fengje trehesten midt i tryne, som var saart og vondt etter ringen, og tok til aa snasa og bita paa 'n fyr han tok paa spronge att. Eirik fekk soleis paa nytt lag noko fyresprong; men noko gjøymsle fans ikkje meir enn fyrr. Paa denne vis var han sistpaa komen radt ut aat kanten av aakeren, der røminga hans var byrja, og saag den opne bøen framfor seg, og no nerma grisen seg att . . . Daa saag han som gjenom ei skodd, at staurarne paa sudkanten av aakeren, der han endaa ikkje hadde vore, stod tett som ein skog. Kanskje han *endaa* skulde ha naatt dit, um han hadde nytta fyrespronge godt; men han vaaga det ikkje. Han torde ikkje lenger tru sine eigne augo, der han stod samenkropen bak ein staur. Daa fall augo hans paa steinen, han hadde vore paa. Han skimta huse, han hadde bygt, og bringebærbuskarne og den mjuke mosen, han hadde lege paa, altsaman . . . *Der* var det, han sat for litt sidan, fri og frelst og trygg for grisen. *Der* var det, han laag og plukka bær og moroa seg og saag ned til grisen og tirra han . . . Aa Gud, kor han daa var endelaust sæl! Og endaa kunde han ha sote der like sikker og lukkeleg, hadde han berre ikkje vore so utaalug og set

betre paa den falske aakeren! Det hadde visst ikkje vore so lengje, fyr ho mor hadde kome heim og jagt grisen. Og sjølv um han hadde lote sitja der til imorgon, kva var det mot denne ulukka? No skilde den opne enga han fraa steinen som eit hav! Syne tok til aa dirra upp og ned for augo hans, medan han høyrde grisen tusla burti ein staur . . .

Daa fekk han ein tanke, svint som eit ljon, ein vill tanke. Um han vaaga seg ut paa vidda og prøvde aa naa steinen att . . . Det kunde gaa paa live laust; men var det betre aa staa her, til grisen kom og tok han? Han saag paa steinen endaa ein gong — so spratt han upp. Han vaaga det! Han laut prøva seg til det ytste fyr han gav seg yver, og her var ikkje stunder til aa tenkja seg um. Det fekk gaa som det kunde, og avstad bar det i vitlaust sprong.

Han var no so utmasa av alt spronge, at han ikkje var komen stort meir enn tilhelvtar burtpaa flaata, fyr det var som um bryste vilde sprengjast; men han kava paa likevel. Som vel var saag grisen han ikkje, fyr han var komen eit godt stykkje burt, og daa stansa han endaa litt burtved stauren Eirik hadde sta' attved. Han hadde rive av seg halsplagge sit der, og dette laut grisen nasa paa. Daa Eirik saag det, slengde

han etter seg straahatten og daasen og kniven sin og — og so naadde han steinen og laag paa mosen att! Soleis vart han liggjande som naamen ei god stund og berre pusta, so det leet nedi bryste, og daa han endeleg orka aa røra seg att, drog han seg radt upp paa høgste toppen av steinen, liksom det var endaa tryggare der. Daa var grisen komen midt burt paa flaata og stod og beit og trampa hol i den fine straahatten, som Eirik hadde vore so byrg av og glad i, sidan han fekk 'n ny for fjortan dagar sidan. Litt etter nasa udyre upp daasen og tok 'n i kjæften, so det knast og brast — denne rare daasen, som han hadde vore rædd for som ein augestein. Men Eirik saag paa alt dette med rolege augo og sukka ikkje for det eingong.

Han sjølv var frelst fraa grisen, so var det ikkje noko aa bry seg um alt det andre. — Det var fyrst langt um lengje, han orka aa reisa seg upp. Daa leska han seg med saftuge bringebær og pusta i lange drag — aa kor det var godt! Og denne steinen, som han sat so herlegt og trygt paa, hadde han lete seg lokka ned av og ut i dei fælslegaste faarar! Han kunde ikkje skyna, korleis slikt hadde kunne gaa til, og han saag innyver Storaakeren.

Aa trolldom! No saag det paa nytt lag ut

som um kornstaurarne stod so tett yver heile aakeren, at ein maatte kunna gjøyma seg burt for ein katt derinne. — —

»Eirik — er det du? Kor vart det av deg, som ikkje kom att med tobak, din slarv!« ropa det burtved løda. Det var han far, som stod burtved nova og hadde fengje auga paa han.

»Aa grisen!« ropa Eirik med ynkelegt mæle.

»Grisen — er han ute daa? Og kanskje det er du, som hev skraala so?« spurde far og kom burtaat steinen.

»Ja, han braut ned døra og . . .« byrja Eirik; men meir fekk han ikkje fram. Tanken paa alle dei fæle faarar, han hadde gjenge gjenom, tok han, so graaten braut fram. Han gret, daa han far lyfte han ned av steinen; han gret, etter han var komen inn i kjøken til henne mor, og det var berre med staming og hiksting han endeleg kunde fortelja, korleis det heile var gjenge til. Han heldt endaa paa aa hiksta so smaatt, daa han ei stund etter sat i grua med ei pannekaka og varm kaffi attaat, som han fekk av mor til trøyst for grisestøkken.

Vondt samvit

1.

Uppaa Bekkebø var der tvo jamnaldruge gutungar, Ola og Berdines. Ola var son hans Halvard vestistova, og Berdines — han heitte etter gamle-Bjørn, bestefar sin — var son hans Per austistova. Dei var beggje eldst av borna i kvar si stova, og der fans ikkje fleire sopass store gutungar paa garden. Dei hadde difor vore leikebrør og kammeratar radt fraa dei lærte aa gaa. Og gode vener og kammeratar hadde dei stødt vore; ein skulde visst ikkje ofta ha set tvo gutungar so snilde mot einannen. Ingen hadde set dei vera i haare paa einannen som andre jamnaldringar. Ein hadde ikkje ofta høyrt dei seia eit vondt ord til einannen eingong. Men det kom seg vel av, at dei ikkje var so jamnsterke som dei var jamngamle.

Berdines hadde vore mykje sjukleg, daa han var lite barn, og han var endaa veikleg og bleik og mjov. Ola var derimot tjukk og stor etter alderen og so sterk, at han kunde lyfta Berdines yver bekken, naar det galdt. Trefte det so stundom,

at dei vart usams um eitkvart, so visste Berdines altid, at Ola hadde yvermakta; han torte difor ikkje anna enn gjeva etter og tia. Det var soleis altid vorte fred og venskap att strakst. Og naar Berdines var rimeleg og fann seg i aa vera undermann, so var Ola paa si sida rimeleg han og. Han var ikkje slik, at han fann moro i aa vera uvyrden og vond, berre avdi han hadde makt til det. Han stod stødt paa Berdines si sida mot all urett fraa andre. Hadde han noko godt, so dela han det jamt med leikebroren sin. Naar dei bygde seg hus, stelte til kjøyregreidor elder kva det var, so var han altid snarast og mest hendug til aa faa det til, liksom han var sterkast; men sosnart han var ferdug med sit, hjelpte han Berdines. Og han gjorde det mest likso godt aat *han* som aat seg sjølv — berre ikkje fult so godt.

Naar han var yvermann og meistar, so vilde han gjerne ha eit lite yvertak, so folk kunde sjaa, at han var best. Og det vaaga Berdines ikkje aa seia noko paa. Hadde han furta for det nokon gong, so hadde Ola ogso furta og ikkje vilt hjelpa han med noko, og det var verre. Han maatte difor takka til, at Ola gjorde det sopass bra aat han som det var. — Sistpaa var det kome til aa gaa soleis med alt dei leika med: Ola hadde det

beste, og Berdines hadde — ikkje det ringaste, sa Ola, men det nestbeste.

Liksom alle born, som ikkje hev stort lag, var dei svere til aa byggja og ha altslags gardsbruk lik dei vaksne. Dei sette hus paa pinnar uppetter alle smalhus- og stabursveggjerne, dei hadde fultupp av hestar og sledar og greidor; men allermest med drift hadde dei uppunder ei lita ufs strakst ovanfor tune. Der var smaa, fine skaarar i berge, som dei hadde til sætrar, og paa grastorvorne nedanunder hadde dei heimejorder. Der hadde dei hus av altslags storleik og skap; der hadde dei kjyr og smale og mykje meir, og uppetter berge hadde dei bygt vegjer for fenaden sin. Dei vaksne gjekk ofta upp og saag paa det um sundagarne, og dei sagde alle, at det var mykje til gardsgreidor.

For ikkje lengje sidan var Ola og Berdines byrja aa gaa i skulen og var vortne kjende med gutarne utpaa grannegardarne. Daa tok *dei* og til aa koma hit um sundagarne av og til, og dei saag med endaa større undring paa alt uppunder ufsa. Dei hadde ingenting so gildt som detteher. Men det, som han Ola aatte, det var no bas, likevel — det sagde dei alle. Berdines var reint glup til aa fura det til; men Ola var meistar, lell! Ola raudna glad og kaut, og sjølv Berdines saag med store augo paa venen sin.

2.

Det leid fram paa vaaren; bakkarne grønka, og sola skein. Uppunder den litle ufsa grønka det fyrst av alle stader paa garden; for ho snudde beint mot sola, og dei tvo gutarne var der so ofta dei ikkje var sette til aa gjera nokoslags »tilgagns«.

Det var dubbelt gildt aa byggja og bu der no etter den lange innestengjinga um vinteren, og der var so mykje, som var nedtyngt av snøen og trong vøling. — Daa trefte det seg ein dag, just som dei arbeidde og prata paa det beste, at dei fekk auga paa ein framandkar, som kom upp-etter vegen nedanfor husa. Han gjekk med høg hatt og hadde stav i honda. Kven kunde det vera? Dei stansa med done sit og gjekk forvitne nedyver; for det var 'kje rett ofta, der kom framandfolk tilgards. Kven visste . . . det var kanskje skulemeistaren, som kom og vilde halda yverhøyring . . .? Han hadde nettupp ein slik høg hatt, han *og* . . .

Det var Berdines, som sagde dette, og han var vorten bleik.

Den karslege Ola svara ikkje, og han var mest likso bleik og hiren, han med; for med

leksa — det var just den tredje artikkel — hadde dei det ikkje paa naama nære i so god orden som med husa uppunder ufsa.

Dei var stansa uppved smidja hans Tormo og stod og nidstirde.

Daa fekk dei auga paa, at framandkaren hadde mykje myrkt skjegg, og det hadde skulemeistaren ikkje. Idetsame stansa han litt og saag uppyver, og daa han saag *dei*, vitta han med honda.

»Men du . . . trur eg ikkje det er han morbror!« sagde Ola.

»Ja so verkele' . . .« sa Berdines høgt; og daa den framande kom nærare, vart dei visse. Der datt som ein stein av bringa paa dei, og dei sette i aa læ høgt av gleda. Verkeleg, det var han morbror! Det var anna enn yverhøyring, det. Dei gløymde med eit den tredje artikkel, som um han aldri skulde vore til, leet husebyggjinga vera og foor forhipne nedyver.

Mødrarne deira var halvsystrar og hadde ein bror; han var altso morbror til beggje gutarne. Og det var vel noko til mann, denne morbroren. Han var landhandlar og hadde store, fine hus nedpaa stronda nærved kjyrkja. Naar Ola og Berdines stundom um sumaren fekk vera med til kjyrkje, so var dei altid inne hjaa han og fekk

sukkergodt og kaffi og fekk sjaa so mykje rart. Skildri paa veggjerne, ein papegøye, ein speledaase og altslag. Og naar han stundom kom herupp, so hadde han jamt noko i lommarne aat dei; kringlor elder søte sniglar og bon-bon. Og kanskje han hadde noko idag *og* . . .

Daa dei kom ned millom husa, var han alt gjengen inn. Staven hans stod utanfor døra hjaa far aat Berdines; han maatte vera der. Berdines foor inn med det same; men Ola stansa utfor døra. Det var litt skamlegt aa koma snaapande beint inn i annenmanns stova, naar der var framandfolk og ein ikkje hadde plent noko aa gaa etter. Men inn i gongen kunde han ikkje halda seg for aa gaa — um der kunde vera eitkvart lite aa sjaa der. Og det var 'kje rett lengje bia, fyrr der vart noko aa sjaa. Daa han morbror hadde buldra og snakt inne ei stund, gjekk døra upp, og ut kom Berdines læande og med lysande augo og heldt noko under trøya.

»Kva er det?« kviskra Ola.

Berdines svara ikkje; berre lo og dansa framum og av uti gongdøra. Daa tok han endeleg fram det han bar paa, og kven kan so gita, kva det var? Jau, det var ein hund, utskoren av tre. Han var blenkjande raudmaalt, hadde høge øyro, blanke augo og fin, krølla rumpa.

Morbror hadde kjøpt han i by'n, hadde han sagt, og hans eigne barn hadde ogso fengje slike dyr. Ein skulde aldri ha set noko so rart. Det var anna enn ei kringla elder ein sukkerklump, det! Ola hadde snaudt havt hunden i henderne i eit sekund, fyrr Berdines laut faa han att, og han dansa rundt utpaa hella med han.

»Men . . . hadde han berre denne eine?« spurde Ola laagt og usikkert.

»Det veit eg ikkje«, sa Berdines; »men — det er sant . . . daa eg gjekk ut, spurde han morbror, um ikkje han Ole-far var heime idag.«

Hadde han verkeleg spurt etter Ole-far?

Ola tok til aa staa som paa gløder. Det fekk 'kje hjelpa, um det var snaapale aa koma inn paa ei tid som denne — han *maatte* inn. Han fekk helder spinna upp eit elder anna til erind — og inn foor han. Og det gjekk ikkje ringare for han enn for Berdines. Han morbror var ein framifraa mann. Han brydde seg skitt-ivald, um Ola hadde nokoslags erind elder ikkje. Han klappa han paa hovude og kalla han ein rask gut; prilla han under hoka (som han altid var so sleim til aa gjera), kalla han Ole-fal og spurde tilslut, um han ikkje snart vilde koma ned og hjelpa han paa kraambuda. Og daa det var gjort, tok han ned i den store trøyelommen sin — og

so kom Ola ut med noko under trøya, han og. Det var ein katt. Og var det ei syn aa sjaa hunden, so var katten ei syn, han med. Han var maalt med fine, gule prikkar; han hadde lang rumpa og stod som um han lurde etter ei mus.

No var gleda full, no daa dei hadde kvar sit dyr, som dei kunde syna einannen og bytast med aa finna fint. Det var ikkje lengje, fyrr dei hadde synt alle paa garden, kva dei hadde fengje, og daa han morbror ei stund etter gjekk att, foor dei upp aat ufsa og vilde sjaa, korleis dei nye, rare dyra vilde ta seg ut, naar dei vart sette inn i husa der.

Og det kunde henda, dei tok seg ut der! Alt dei fyrr hadde helde gjevt — hundarne og hestarne av furubork og kyrne, som var tilskorne av trekjeppar — heile greida vart reint simpelt og kvardagslegt mot denne nye glansen. Dei var snart samde um, at sjølve husa var for smaa, og ringe for so staselege ting som hunden og katten. Imorgon dag — naar dei hadde meir tid for seg — laut dei ta paa aa riva ned nokre av dei gamle og byggja upp kvar sit stort, fint hus.

Men . . . hm . . . kventru var finast elder best av desse tvo — hunden elder katten? Det var han Ola, som kom med dette spursmaale.

I den fyrste gleda yver det nye hadde ingen

tenkt paa det elder nemnt det; men no kunde Ola ikkje lata vera aa slaa det paa snakk.

Han hadde altid vore eit lite stig framum Berdines; han hadde altid havt det beste — serleg her uppunder ufsa — og so kunde han nok lika aa ha ein liten fyremun no og.

Hunden var svert fin, sa han. Ovende fin. Alle kunde sjaa det. Men naar ein saag vel etter, trudde han likevel, at katten hans var maalt med litt finare prikkar og hadde finare krøll paa rumpa — totte kje Berdines *og* det?

Hm . . . nei, det totte han ikkje so plent, sa Berdines og vart litt lang i andlite. Han var so glad i hunden sin, at han for denne eine gongen hadde svert lite hug til aa staa etter.

Hunden var litt større og likso fint maalt, so han maatte daa vel vera mindst *jamngod* med katten, meinte han.

Ola kunde med seg sjølv ikkje nekta det. Det var idetheile ikkje lett aa finna noko, som gjorde katten finare.

»Ja ja . . . lat dei vera jamngode daa . . . solengje . . .« sa han — han gjorde seg so snild, at han gjekk med paa det for denne gongen.

»Men katten min er *godt* jamnfin med hunden, det ser du vel,« sa han.

Nei . . . daa vilde Berdines ikkje gaa med paa det helder.

Han totte med seg sjølv, at hunden var finare enn katten — sidan dei no var komne inn paa dette spursmaale um rangen. Han vilde slettikkje byta, og han vart med eit so modug, der han stod.

Naar han fyrr hadde prøvt aa staa paa, at han hadde noko, som var so godt elder betre enn Ola sit, so hadde han Ola berre kunne nekta aa hjelpa han med nokoslags; so var han komen radt etter. Men so saag han med eit, at Ola aldri var slik meistar, at han kunde stella til noko, som var betre enn hunden. Og det kunde vera gildt aa ha eitkvarslag, som gjekk for aa vera *best* eingong — naar det verkeleg var best.

»Eg tykkjer helder, at hunden min er *fult* jamgod med katten og litt finare og! Sjaa paa øyro hans — du ser daa vel dei stend byrgare,« sa han.

»So? Kor kan du seia slikt,« sa Ola, og det var 'kje fritt, han alt vart sær paa denne stivskapen; mindst hadde han venta det, sidan han totte, han sjølv hadde vore so rimeleg.

»Ja, men du ser daa . . .« stama Berdines.

»Aa skitt med dei øyro! Eg høyrer, du skynar det ikkje, tosken du er,« sa Ola. »Katten min hev *og* byrge øyro, og vil du kje tru, at

han er likso god elder kanskje betre enn hunden, so kann me spyrja, kva andre meinar.«

Ja ja . . . det hadde 'kje Berdines helder noko imot.

Dei tok til aa sjaa paa husa att og raadleggja um, korleis dei skulde stella det imorgon; men det vilde 'kje gaa rektig. Det var liksom vorte litt kaldt millom dei, sidan Ola var komen med dette um rangen. Dei gjek snart heim att.

Daa dei var komne ned i tune, saag Berdines mor si burti kjøkendøra, og so sagde han, at dei skulde gaa burt til henne og spyrja, kven *ho* totte var finast av hunden og katten.

Dei so gjorde, og ho skrepte svert yver beggje. Men sistpaa sa ho det same som Berdines, likevel. Skulde ein nettupp sjaa etter nokon skil, so totte ho, at hunden var litt vænare.

»Det sa eg heile tida!« ropa Berdines glad.

»Aa eg tore vaaga katten min likevel, eg!« sagde Ola og kaldlo berre. Dette sagde 'kje stort, tenkte han; for det var rimelegt nok, at Berdines fekk medhald av si eigja mor, korleis hunden enn var. Han sagde, at dei skulde burtaat den andre stova og spyrja der med det same; men Berdines vilde helder, at det skulde vera til imorgon; for det leid tilkvelds og tok til aa myrkna no, og han var trøytt og vilde gjøyma hunden.

Ja ja, Ola kunde altid venta, han og, og dei vart samde um, at dei skulde gjøyma hunden og katten paa *ein* stad uppi eit skaap her til morgons. Der stod dei tryggast, sa Berdines, og Ola sjølv klauv upp paa ein stol og sette dei varleg upp.

3.

Sosnart Ola hadde ete tilmorgons dagen etter, gjekk han burt aat grannestova og vilde henta katten sin, og dei tvo rare dyra vart tekne ned or skaape blanke og velhaldne. Mest alle husfolka var just inne, og dei skrepte yver hunden og katten idag som igaar. Den morbroren, det var rette karen te finna paa det.

»Men kven tykkjer de er *allerfinast?*« ropa Berdines, som just hadde fengje klærne paa seg. No var det han, som hadde mest hastverk med dette spursmaale um fyrerangen, sidan han hadde fengje medhald av mor si igaarkveld.

Alle tenkte seg litt um; men so sa dei det same som ho, dei og: hunden var bas likevel. Berdines smilte og raudna av gleda og hoppa burtyver golve med hunden; men Ola stod berre og mylte.

»Det er vel ikkje alle, som seier det,« sa han litt mutt, og so gjekk han med katten sin.

Men jau — det saag altfor mykje ut til dess, at alle meinte just det same.

Frampaa dagen kom Berdines burt aat stova til Ola og hadde hunden med. Ola slog strakst paa, kva dei her meinte um hunden og katten, og han prøva paa alle maatar aa faa dei til aa sjaa, at katten var fin og ikkje eit haar ringare enn hunden. Ja — dei saag han var fin, sa dei. Reint apartaa var han. Men hunden heldt dei tilslutt litt betre, lell. Litegrann; lite-pikke-tær. Det sa ho mor og tenestegjenta, og det same sa ei kona fraa grannegarden, som just var der. Det nytta 'kje, um ein synte dei dei fine, gule prikkarne paa katten aldri so mykje; dei stod paa sit. Ola vart sistpaa so arg, at han gjekk beint ut. Det kjæringtøyse . . . det brydde 'kje *han* seg um aa høyra paa.

Daa fekk han auga paa han Tarald, tenesteguten; han stod burtved løda og hogde ved.

Kvatru vilde han seia? *Han* var visst vitugare enn alle dei andre toskehovud. Han var altid so slug i kortspel og altslag, han Tarald, og no maatte han daa vel kunna skyna, at katten var mindst *likso* fin som hunden. Og hadde han medhald av ein vaksen kar som Tarald, so brydde han seg skitt, um der stod sju kvinfolk imot.

Han gjekk inn i døra att og ropa paa Ber-

dines, og litt etter stod dei burte hjaa Tarald med kvar sit dyr.

»Mykje til stas detteher, s'an,« sa han og stod og fingra paa dyra. Men finast? Ja, du maa so seia . . . Ola lagde ut um dei gule prikkarne att, best han kunde, og Tarald stod paa nytt lag og humsa og fingra; men daa han høyrde, at Ola var so strid paa dette spursmaale um rangen, smilte han med eitt løynsk og sa, at hunden var ein god snupp finare. Mykje finare og. Ein maatte daa biske-meg kunna sjaa *det,* sa han og tok til aa hogga att.

No tok Ola til aa verta fult sint og kalla Tarald ein tosk; men daa grein Tarald berre endaa meir og sa, at hunden var eit skrepsdyr; men katten var berre — ein katt! Han sagde beintfram det: berre ein katt. Aat det lo han høgt, so ein kunde sjaa langt inn i kjeften paa han, og Berdines kunde 'kje halda seg: han lo høgt, han med. Og so briska han med hunden sin og synte han fram for Tarald endaa ein gong. Det var som um han var dubbelt glad i han, sidan han denne gongen slapp for aa vera undermann og ha det ringaste. Men Ola vart sprutraud og gjekk sær og ulken inn aat stova att.

Ei stund etter kom Berdines inn etter han og spurde, um dei ikkje skulde upp aat ufsa og

byggja nye hus, som dei hadde snakka um igaar. Ola svara mutt, at han hadde 'kje tid og snudde seg likesæl fraa han.

Med det maatte Berdines gaa.

Der stod Ola att med katten.

Han hadde altid vore noko meir enn Berdines og aatt det beste, og skulde han no ikkje eingong vera jamngod med den ungen?

Nei, naar alle sa det, so maatte det nok vera so og, at hunden var finare. Han totte det igrunnen sjølv og no — naar han skulde seia plent som han meinte. No, sidan alle sa det.

Han sette seg myrk og tverr med henderne under hoka burtved vindauga; lest som han les paa leksa si; men saag igrunnen ikkje i boka . . .

Men der var daa berre ein *liten* skil paa hunden og katten — det sa alle; det maatte vera berre vrangskap av han Tarald, naar han sa noko anna. Og han, Ola, hadde daa so mange *andre* ting, som var best — um Berdines no hadde denne velsigna hunden.

Med dette prøva han aa trøysta seg; men det vilde 'kje hjelpa. Naar han tenkte paa, korleis Berdines gjekk og briska for heile garden med *det finaste* dyre, og kor glad han var av aa faa medhald av alle, kom alt anna reint burt for han. At Berdines var so glad — det stakk han aller-

mest. Kvifor skulde plent *han* faa det ringaste og lota staa tilskamdar for den ungen . . . han, som altid hadde vore so mykje dugelegare?

Var ikkje landhandlaren morbror aat *honom* likso vel som aat Berdines? Han tok til aa finna, at han var vanvyrdt og tilsidesett og vart meir og meir ulken. Katten stod fin og blank framfor han i glaskarmen; men han saag ikkje lenger, at han var fin, sidan hunden var finare. Heile glansen i dei gule prikkarne visna for han. Han tok sistpaa katten og slengde 'n upp paa hylla, og han brydde seg ikkje meir um *den* elder um Berdines heile dagen sidan.

4.

Dagen etter var det sundag og fint ver — solskin og vaareim. Daa kom Berdines att og vilde ha Ola med seg upp aat ufsa, og Ola hadde no sove arginga sopass av seg, at han tok katten ned av hylla og fylde med.

Daa dei var tvoeine, nemnde 'kje Berdines det meinslege spursmaale um finleiken lenger, og dei tok til aa byggja saman nokso bra. Snart hadde dei rive ned ein heil hop smaahus og lagt grunnen til kvar sit stort.

Daa høyrde dei med eit snakking i bakken nedanfor. Det var ein flokk gutungar fraa grannegarden, som kom. Dei hadde høyrt gjete hunden og katten, som Ola og Berdines hadde fengje, sa dei, og dei vilde no faa sjaa dei.

Aa du . . . aa du, so rare dyr!

Dei var reint uppi under alle ihop. Ingen hadde set noko so makelaust rart fyrr, og dei laut faa handfara hunden og katten alle ihop og nidglaama og sjaa seg mette paa dei.

Ola og Berdines heldt paa og bygde; men so kom ein av dei framande gutarne paa noko. Skulde dei ikkje helder gaa uppunder urorne idag det var so godt ver — og klyva uppaa dei store steinarne og byggja hus? Deruppe kunde dei skjera fløytor og gaukar og, sa han; for selja og raun svadde alt.

»Aa ja, lat os det!« sa Ola. Dei hadde vore uppaa dei store steinarne eitpar gonger ifjor *og* og skore seljefløytor, og der var so grønkande med lauv og lokkande vent uppunder urorne no. Dei kunde altid byggja husa her sidan.

»Ja ja, eg og vil det!« ropa Berdines. »Men du . . . tru eg skulde ta hunden med?«

»Ja, du kan vita, du maa ta hunden med,« sa ein av gutarne.

»Ja, d'er visst best,« sa Berdines og kjælte for

hunden sin. »Men . . . m . . . du . . .« heldt han fram og smilte, »um hunden og katten er fine beggje, so er vel ein av dei *aller* finast, og kvaforein er det, tykkjer de?«

Det hadde ingen set vidare etter fyrr; men sidan der no vart spurt, so fann dei, at hunden var litt betre, dei og. Dei vilde helst havt hunden allesaman. Daa ¡Berdines hadde fengje det svare, sa han 'kje meir um dette; han berre lo glad og velnøygd. Dei andre sa helder ikkje stort meir; dei var berre uppsette paa aa koma avstad uppaat urorne. Der skulde kanskje ikkje vorte nemnt eit ord meir um denne rangen, hadde ikkje Ola brytt seg. Men han hadde alt fengje nok.

Det arga honom igaar, daa dei vaksne gav hunden fyrerangen; men aa sjaa Berdines staa her og briska med det finaste og læ av det millom alle kammeratarne — det stakk endaa verre. Han vart raud i skallen og berre skjegla burt paa Berdines. So tok han katten sin og stakk han i lommen, og daa dei andre vilde avstad, snudde han seg vrang mot husebygnaden sin og lest stella med ein stein. Han visste 'kje, um det kunde vera so stort moroe, likevel, aa fara fljuga uppetter alle urorne, sa han.

Kvaslag, vilde han ikkje?

Dei vart forbina og tok til aa lokka og be paa han. Dei maatte vera alle, skulde det vera noko. Men Ola heldt paa og var vrang og svara nei. Det var berre til aa slita hol i brøkerne aa fara der fljuga paa steinarne, sa han.

Idetsame kom der eitpar gutar til utanfraa ein av grannegardarne. Dei fekk strakst sjaa hunden og roste han svert. So vilde dei faa sjaa katten *og* — Berdines hadde nettupp sagt til dei, at Ola hadde ein katt. Men daa sa Ola nei og brydde seg ikkje um aa ta katten upp or lommen. Hadde dei slik næveklaa, so kunde dei faa den skrepshunden og klaa seg med *den,* sa han og snudde seg fraa dei. Han prøva aa læ svivyrdelegt; men ingen av gutarne lo med. Dei tok derimot til aa knisa aat han sjølv. Dei saag, at han var underleg sær og pirreleg idag og ikkje likte aa høyra katten kalt ringast, og so var det moro aa tirra han litt meir *og.* Dei tok til aa skreppa yver hunden endaa meir. Den litle rare katten gliste dei derimot berre aat — liksom han Tarald igaar.

Ein spurde endaatil, um katten ikkje likna mest paa ei *mus.*

»Er nokon lik ei mus, so er det du sjølv!« snerra Ola sint.

»Er eg lik ei mus, so er du lik ein *katt,* du Ola med mus-katten!« ropa guten.

Det vart der sver læing og skraal aat; men Ola vart glodraud af sinne.

»Skal du koma her og skjella folk ut, du, din snutafant?« ropa han og treiv ei laus torva, som laag der, og slengde etter guten; trefte ikkje. Det lo dei endaa meir aat, og daa dei høyrde, at Ola vart so sint for dette um mus-katten, so sa dei alle: »Mus-katt, Mus-katt!«

Og heile flokken kunde han ikkje gjeva seg ikast med.

Graatande av sinne foor han heimyver. Daa trega dei paa, at dei hadde gjort so mykje av det, og ropa, at han maatte koma att, so skulde dei slutta med detteher. »Me meinte ikkje noko med det . . . huy . . . kom att, Ola!« so skulde dei gaa uppyver allesaman, og ikkje bry seg um denne skidten.

Men Ola svara ikkje; han mylte og gret og furta seg heimatt. Kva skulde han deruppe? Sjølv um dei andre gutarne slutta med dette og vart snilde att, so var det liksom ikkje nokor gleda i altihop, naar han heile tida skulde lota gaa og sjaa paa, at Berdines gjekk der og briska og smilte med den hunden og gjorde seg til av den.

Han ulka seg inn aat stova og sette seg.

Det var plent liksom Berdines hadde gjort seg endaa meir til idag enn igaar, totte han. Ja, dei andre gutarne hadde kanskje slettikkje sagt noko . . . hadde ikkje han byrja og gjera skraal um den finleiken. Alt gjekk godt, og ingen foor med egling, fyrr han tok til aa mala med det liksom igaar.

Men kven var det daa, som igrunnen var skuld i alt dette? Var det ikkje Berdines? Og kvifor gjorde Berdines det? — Det kunde ikkje vera for anna enn aa faa han, Ola, rektig skjemd og lædd aat; han kunde 'kje sjaa annan grunn. Han gjekk myrk og mutt ut i døra att, og argskapen og furteskapen hans samla seg med eit i eit djupt, bitande sinne mod Berdines.

Han kom ihug, kor god han stødt hadde vore mot Berdines; kor mange tjuge gonger han hadde hjelpt han med altslag — og skulde dette vera takki for det?

Han beit tennerne saman av sinne og fann, at han var fælt skamleg medfaren. Men berre vent, so skulde han faa det att, den bleiksnuten, den . . . skidtkrypen! Han svor med seg sjølv, at han aldri meir skulde byggja hus aat han elder hjelpa han med nokon ting, aldri i sit liv! So kunde han flira og læ! Han sku' rett faa merkja, kven han hadde beskjemt!

Han kaldsmilte med seg sjølv, medan han svelgde i hemntankar; men best som han stod og fann eitslags trøyst i dette, kom der farande ein ny tanke.

Kva gjorde det for Berdines, um han ikkje vart hjelpt og hadde ringare hus og slikt, solengje han hadde den hunden? Noko betre enn *den* kunde han, Ola, aldri faa til, og so kunde Berdines gaa og briska og ha *det beste,* likevel . . .

Her stod han fast, det var den tunge sanninga. Dette gjorde tilinkjes mest heile trøysta ved hemna, og han augna 'kje nokor hugna i nokonting, solengje det varte.

Den forargele, rakkars hunden . . . Han skulde ynskja, han fekk slaa hovude av han, so det fauk! So kunde Berdines, den bleiksnuten, gaa og briska med hunden! . . . elder um han kunde faa slaa øyro elder rumpa av han! Det var hjelp i det og; for daa vart han utskjemd og ikkje betre enn katten. Det kunde han just ha fortent, den filleungen, og so var han kvitt heile denne forargelegheita.

Han grein myrkt med seg sjølv att, men skyna med det same, at det var lettare tenkt enn gjort, det. Vilde han gjera vondt paa hunden, so maatte ingen sjaa det elder vita, kven som hadde gjort det; kom slikt upp, so vart det nok

ris og vondt av. Men no bar Berdines paa hunden som ein augestein, so det var uraad aa faa fat i han usedd. —

Daa Ola hadde furta og var gjengen heim, kom ikkje Berdines og dei andre ihelder til aa gaa uppaat urorne. Dei vart verande uppved ufsa ei stund, og daa Ola kom ut att, foor dei læande og skraalande utyver bøarne mot grannegardarne.

Kanskje det var aat *honom* og katten dei lo endaa? Dette kveikte sinne og argskapen paa nytt lag hjaa Ola, og han gjekk sidan for seg sjølv og saag skjeivt til Berdines heile dagen idag og.

5.

Naar Ola fyrr hadde vore furten elder sint for eitkvarslag den eine dagen, so hadde han jamn sove det burt og gløymt det til neste morgon. Men denne gongen var det ikkje so. Daa han stod upp og kom ihug all motgongen igaar, var det ikkje stort betre enn um kvelden.

Berdines kunde briska seg med hunden, som var finast idag som igaar, og han sjølv hadde berre katten, som var styggast, og kunde verta ledd aat for det — no som daa.

Han var so mismodug, at han gløymde aa lesa for maten til morgons, og den fine, gulprikkutte katten, som han var so ovglad i, daa han fekk han, vart han no berre arg av aa sjaa. Slikt skrap — det kunde han morbror havt sjølv! Han tenkte beint fram paa aa lata vesle-syster si faa han. Elder slengja han uti grua. So kunde det gaa med han som det vilde.

Men dette vart det no ikkje noko av med likevel, og medan han gjekk der tusla og leitte etter skorne sine, kom Berdines i døra.

»Ola!« ropa han og kom andpusten inn. Det var uraad aa faa ha hunden ifred heime, sa han. Litle Herman og Ingeborg kramsa og vilde ha han altmeit. Igaar hadde dei kringlor og kransar, som dei fekk av han morbror; men no hadde dei ete det upp og vilde ha hunden. Fekk dei han ikkje, so gret dei og heldt leven; men skulde dei faa ta i han, so slog dei han snart sund. No hadde han lote røma ut berre for det. Det var 'kje annor raad enn aa ha hunden ute einkvarsstaden, sa han, og no vilde han høyra, um Ola ikkje vilde vera med upp aat ufsa idag, so dei kunde faa husa ferduge. So kunde han ha hunden der.

Ola stod ferdug til aa svara rektig spottande og læ aat nauda hans; men han held seg og

svelgde; for idetsame kraup der ein tanke i han. . . . Gjøymde Berdines hunden uppunder ufsa, so kunde han lura seg upp ikveld, naar det var myrkt, og gjera kva han vilde med han, so aldri eit liv saag det!

Igaar hadde han tenkt paa dette berre i sinne; men no, daa denne utvegen baud seg, tok han til aa tenkja paa det for aalvore.

»Vil du vera med med katten?« tok Berdines upp att.

»Ja — det var kanskje best aa ha dei der,« sa Ola; han smilte løynsk og tvinga seg til aa setja upp eit venlegt andlit, og so tok dei avstad.

Berdines sprong glad og fjaag fyre og prata i eit vekk. Han visste ikkje um, at han hadde nokor skuld i det, som var hendt igaar. Han hadde alt gløymt det no, daa dei var tvoeine.

Ja, so gjorde dei ferduge dei nye husa. Ola var hjelpesam og visleg, og daa dei var ferduge og hadde sett dyra sine inn, var dei vortne samde um, at hunden og katten skulde vera her inott *og*.

Det var lett som ingenting aa faa Berdines med paa det.

Sidan um dagen foor dei med andre ting, og daa kvelden kom, var det skya og myrkt til aa vera paa denna aarstid. Alt laga seg . . .

Ola luska ut og inn og saag seg ikring. Sistpaa foor han ut bakdøra, gjorde ein heil krok utetter bakkarne og kom attende under ufsa.

Varleg opna han døra i huse aat Berdines, men vart so staaande . . . Naar det kom til stykkje, vart han tvilraadug, lell. Han kom med eit ihug, kor glad Berdines var i hunden — og kva vilde han seia, naar han saag han sundslegen? Det var kanskje altfor stygt gjort . . . Og dertil kom, at han stødt totte han saag folk ned-med husa; forljost var det og det kunde vera spelegt . . . Det enda med, at han lukkte døra og drog seg seinlegt nedetter bakken att. Det fekk vera for ikveld. Han fekk helder sjaa, kor-leis det kunde laga seg sidan . . .

Med det lagde han seg; men dagen etter kom Berdines gaulande strakst etter dei hadde ete til morgons og vilde ha hunden heimatt. Han trudde det var tryggare aa ha han paa stovelemen. »Vil 'kje du og det?«

»Hev det slik hast?« spurde Ola og vreid paa seg. Han hadde no slettikkje gjeve upp nettupp all tanke paa hemn for det, um han venta, og dette kom paatverke. Han prøva med det gode og med rimelege grunnar aa faa Berdines til aa la hunden vera; men denne stod paa sit.

Kom det regn elder slikt, so kunde hunden

verta vaat deruppe og utskjemd paa maalinga; det hadde ho mor sagt.

»Ja ja, som du vil daa. Kanskje du vil gjeva den hunden patte, sidan du plent maa ha han heime um netterne?« spurde Ola speande. Han hadde nok sett seg fyre aa vera blid, so han kunde faa planen sin lettare fram; men naar det gjekk so vrangt, kunde han ikkje halda seg i skinne. So stakk han nævarne i broklommarne og gjekk kautt og likesæl burtyver aat stalldøra; der hadde han just fengje auga paa han Tarald, som stod og sela hesten.

Tarald munde ha høyrt, kva Ola sa sist; for han grein og lo. Berdines raudna.

»Kva er det, du er so snuten for? Kan eg 'kje gjera som eg vil med hunden for deg?« sa han til Ola.

»Jau gu'bevars, det kan du,« sa Ola, og tanken paa, kva Tarald sa um laurdag, irra honom meir og meir upp. »For meg kan du leggja han i vogga *og*, um du vil, og passa paa, um han piss — piss pissar under seg um netterne!«

No vart Berdines eldraud.

»Skal eg ha hunden i vogga, so kan du gjera det same med katten din . . . du, som hev slik ein mus-katt, mus-katt!« kvesste han.

Aat dette lo han Tarald dubbelt so mykje

som aat det fyrste, og det var meir enn nok til aa kveikja Ola. Han bleikna av sinne og treiv ein kjepp og slengde lukt mot syne paa Berdines, men trefte ikkje denne gongen helder, og fyrr han fann nokon ny paak til aa slaa med, hadde Berdines rømt og smatt inn gongdøra burti austrestova. Der kunde Ola ikkje fylja etter og gjera han noko, og daa han snudde seg mot Tarald att, stod denne og lo so han riste endaa og klapsa seg paa laare og sa: mus-katt, mus-katt!

Det hjelpte ikkje, um Ola var baade stor og karsleg etter alderen; han heldt likevel paa aa falla i graat av berre sinne.

Mus-katt . . . skulde ein *høyra* noko so skjemmande, so avvyrdslegt?

Var det ikkje nok med, at den ungen hadde fengje det finaste dyre — skulde han ogso bruka snut og spreida utyver det skamnamne um katten til laatt og glis? Slik ein helv . . . ites unge! Han berre skjegla burt paa Tarald, som smaalo endaa, og gjekk so med myrkt andlit burt millom husa.

Og slikt skulde han endaatil faa i nosa, etter han hadde spart hunden igaarkveld, for han totte so synd um Berdines! Jau, han burde rett tykkja synd um han! Han var ein stor tosk, at han ikkje slog den fille hunden i smaabitar, daa han

kunde sloppe so lett til! . . . Men vent til han kunde faa tak i hunden ein annen gong! Berre vent! No visste han, kva der budde i den bleikfisen, Berdines; no visste han, kva han skulde gjera. Ein annen gong skulde han 'kje spara . . . det skulde vera banna paa. — Han arbeidde seg upp i djupare og djupare sinne, der han gjekk, og tenkte ikkje ein tanke paa, kven som hadde byrja tretta.

Men no gjekk vel Berdines upp etter hunden, og korleis skulde han no faa tak i han att, so ingen saag det? Det gjekk han og pønsa paa utyver heile dagen, og snarare enn han sjølv hadde venta, baud der seg eit aaføre. — Daa Ola gjorde seg so sint, kom ikkje Berdines og snakte meir um aa gaa upp aat ufsa etter hunden. Han vart inne lengje, og etter non var han med far sin nedaat kvernhuse. Der vart han mest tilkvelds, og daa han kom heim, kom han nok ikkje ihug hunden, for han gjekk ikkje og henta han.

Dette saag Ola — han stod burtved ei nov og kika, og daa alle var gjengne inn og det var myrkna mykje, lurde han seg uppyver, same vegen som igaarkveld.

Han hadde vore heruppe ein gong, med' Berdines var ved kverna, og set, at hunden var her endaa. Han hadde endaatil tenkt paa aa

slaa han sund *daa*, men fælt seg av, solengje det var ljost. Men no! . . .

Som ein tjov saag han seg ikring. Nei, ingen var aa sjaa . . . alt var kurt. So nappa han hunden ut, gjorde seg hard mot all ræddhug, braut rumpa av paa tvo stader og slengde han inn att. Og so sparka han til steinhuse, so det seig ned i ei røys yver hunden. Dette siste hadde han tenkt ut no ikveld, medan han venta paa Berdines. Naar Hunden laag innunder steinarne, so maatte dei tru, at huse var blese ned elder hadde rast ned av seg sjølv inatt og gjort ulukka. Kven kunde so misstru *honom* . . .

Eitpar augeblik etter var han heime att og smatt inn bakdøra.

6.

Det fyrste Ola kom ihug, daa han slog augo upp um morgonen, var det han hadde gjort um kvelden, og han spratt ende upp med det same. *Var* det verkeleg so . . . elder hadde han berre drøymt? Jau, det var sant . . . Han mintest med eit altsaman klaart som dagen. Han mintest endaatil, at han var glad, daa han lagde seg, for det var so godt avgjort; men no, daa han hadde

sove paa det og saag attende, vart han so underleg. Slettikkje glad. Det var radt so det foor kaldt gjenom han, og det var kje fritt, han var ustød paa honda, daa han klædde paa seg. Han unte nok Berdines det . . . ja, ja . . . just passelegt aat han! sa han til seg sjølv og gjorde seg stiv; men kanskje det var noko vaagesamt gjort likevel . . .

Sosnart han hadde ete til morgons, luska han stilt ut og kika etter Berdines. Tru han hadde set det? Nei, det var vel fortidlegt endaa. Han var vel snaudt uppe. Men korleis vilde han bera seg, naar han uppdaga det . . ? Kva vilde han tru? Ja, naar han og alle andre saag, at huse var rasa ned og hadde gjort det, so saag dei det. Ei ulukka var ei ulukka og ikkje noko anna. Kva var der so meir aa seia? Ingenting. Ingen kunde koma paa aa faa misstru, naar det var gjenge slik . . . Ingen kunde ha set han deruppe helder; for det var myrkna so mykje. Ingenting aa syta for. Ikkje ein skitt!

Han stakk nævarne i broklommarne og plystra; men med alt dette kunde han likevel ikkje fri seg for eit lite stikk av uro, og han kunde umogeleg tenkja med nokor vidare gleda

paa, at han no hadde fengje hemna seg paa Berdines.

Hm . . . der vilde no sakta verta eit hersens uppstyr, daa Berdines uppdaga ulukka. Det var kanskje betre aa halda seg or vegen, til det var uppdaga og heile den sjauen yver. Um han ikkje turvte syta, so var det ikkje gildt aa koma uppi . . . nettupp. Han gjekk burtaat vedskjole og sette seg der til aa smia paa ein kjepp; men snart vart han liksom litt uroleg der og. Der kunde koma einkvar og tykkja det var underlegt, at han sat slik og skulka. Betre aa gaa skikkeleg orvegen ei stund. Han gjekk inn og hadde paa seg lerskor, og tusla so utyver bøarne; sette seg sistpaa attfor ein askestuv derute. Berdines var endaa ikkje faren upp aat ufsa, og han gav seg til aa kika etter han; han kunde godt sjaa heimaat bakken og ufsa herfraa. Nei, der foor ingen Berdines uppyver so svint. Han venta og venta i sju lange og sju breide — endaa var han ikkje aa sjaa.

Kvifor var han ikkje onnug paa hunden idag som igaar? Han vart sistpaa sint der han sat. Kven i dunderen kunde bida upp slikt. Men hadde han sote her og kruka og venta so lengje, so var det skitt aa gaa heim forsnart og spolera heile dette brye.

For aa faa tida til aa gaa gjekk han sistpaa nedyver aat ei myr og leitte etter vintergamle bær; men daa fekk han med eit ein uhugleg tanke. Det saag kanskje nettupp underlegt . . . mistenkjelegt ut dette, at han gjekk slik og lurde og heldt seg burte idag.

Var det ikkje betre, at han helder var med Berdines uppaat ufsa, gjorde seg blid og tilvens med han att og lest verta skræmd, han og, daa dei uppdaga den store ulukka?

Jau so hunden fare . . . han skyna det med ein gong.

Lavøyrd foor han heimyver; men daa han kom uppfor stovenova, saag han strakst, at han var nok longe forsein likevel.

Berdines stod uppved løtroppa aat grannen og snakka med far sin og sutra og gret, og so kom han nedyver aat stovedøra og heldt henderne for andlite. Han hadde nok nyleg set det . . .

Ola vilde røma burt att med det same; men nettupp daa kom mor aat Berdines ut i døra der burti stova. Ho saag dei beggje paa ein gong, og Ola vaaga kje aa snu — det kunde sjaa underlegt ut.

»Kva feilar deg?« ropte Berdines-mora til gutungen sin. Han svara ikkje. Han berre slengde seg ned i ein risdunge, som laag atti tune, og tok til aa graata og yla høgt.

No kom mor aat Ola og smaasystkena hans *og* ut i døra her.

Hadde han slege seg elder skore seg med kniven? ropte dei til Ola.

Han svelgde og svara laagt, at han visste det ikkje. Dei gjekk forbina ut til Berdines alle-ihop, og mor hans lyfte han upp or risdungen.

Men slik som han saag ut! Han maatte ha grete lengje; for han hadde raude augo og var sulka i andlite av taaror.

»Kva hev du gjort deg daa, guten min?« ropte mor hans skræmd.

»Aa hunden . . . hunden,« hiksta han endeleg, og med dirrande hond drog han hunden fram under trøya — med avbrota rumpa.

Men korleis var det gjenge til? ropte alle. Berdines kunde lengje ingenting seia berre for graat; men endeleg kom det, at huse var nedrive og hunden hadde lege sundslegen innunder.

»Aa nei, stakkar — det var synd for deg,« sa mor hans. »Men korleis kunde du venta anna, naar du ikkje passa betre paa hunden din? Steinarne maa ha lege forlause og rasa ned.«

Men daa saag Berdines upp med ei saar hiksting.

Nei, det var det han ikkje kunde skyna, at huse var dotte ned av seg sjølv! ropte han. Det

var sterkt bygt . . . likso sterkt som Ola sitt, og *det* stod like godt endaa. Det maatte vera einkvar som hadde gjort det . . . anna kunde han ikkje tru. Dei kunde gaa upp og sjaa . . .

Her stod han fast for graat att.

»Snakk ikkje slik, gut . . . kva gagn skulde nokon sjaa i det?« sa mor hans.

»Men husa vaare hev aldri dotte ned soleis fyrr . . . og kvifor skulde det plent detta ned no hunden var der?« sagde Berdines og hiksta. Det maatte vera einkvar, som hadde gjort det av uvyreskap . . . for aa faa hunden sundslegen. »Eg *gløymde* han deruppe igaarkveld, uh . . u . . hu!«

Mor hans og mor aat Ola saag paa einannen.

»Var huse verkeleg so sterkt bygt, at det ikkje kunde rasa ned av seg sjølv . . . veit *du* det, Ola?« spurde mor aat Berdines.

»Nei . . . eg veit kje so visst; det stod likso godt som mit, sist me var der,« stota Ola — han visste snaudt sjølv, kva han sagde.

Og stilt hadde det vore inatt, so det ikkje kunde ha blese ned, sa mor hans. Men kanskje sauderne kunde ha vore der og skubba det ned?

Sauderne, nei, dei var uppi lidarne og hadde kje vore heime paa lengje, stama Berdines.

Hm . . . tru det kunde vera raad, at nokon hadde gjort det, likevel . . .? Dei kunde vanske-

leg tru, at nokon var so vond; men det saag mest ut til dess, lell. — Men kven i verda sku' ein kunna tru slikt um?

Det visste ingen aa svara paa, og der vart stilt litt.

»Stakkars Berdines, graat ikkje, so skal du faa eitkvart anna fint, du,« trøysta mor hans.

»Men eg fær *aldri* noko so fint som hunden!« jamra han, so det var saart aa høyra.

»Er det verkeleg nokon, som er so skamleg ein fark, at han hev gjort dette med vilje, so burde han faa ris, so han *aldri* gløymde det!« sagde mor aat Ola sint.

So vart det ei lita togn att . . .

Ola stod og beit seg i tunga . . . vaaga ikkje aa sjaa paa nokon.

Det han hadde gjort, var med eit vorte so mykje verre, enn han fyrr hadde visst. Naar rumpa var *av,* so hadde hunden ikkje berre fengje eit lyte, so han vart ringare enn katten; han saag no, at han var reint utskjemd og hadde misst finleiken for altid. Det kunde *aldri* bøtast skikkeleg. Og det hadde han gjort med det kjæraste Berdines aatte . . .! Det var so det skar gjenom han, daa han saag, kor vonlaust og saart Berdines gret, og han totte, at alle saag paa honom, at alle maatte sjaa *han* var brotsmannen . . . at det maatte liggja utanpaa han.

At han skulde vera komen her just no . . .! Gu' bevar' oss, det var som vondt i det; men det var uraad aa røma no, han eingong var her.

Han var vorten so heit, at han tok til aa sveitta nedetter ryggen, og til lenger dei snakka, til meir totte han, at han kjende augo aat alle paa seg. Dei saag visst, han var redd . . .

Han laut til aa herda og tvinga seg av all makt til aa sjaa roleg og skuldlaus ut. Han herda seg endaatil burt og saag paa hunden, risste paa hovude og lest vera forbina yver ulukka og tykkja synd um Berdines, han med; men *endaa* kjende han augo aat mødrarne paa seg, og so tok mor hans til med slik ei underleg spyrjing um, kva *han* meinte . . . um han trudde nokon hadde gjort det, og kven han so kunde tru det var.

Nei . . han kunde 'kje vita nokon, som var so vond i seg, sa Ola; men han kjende, han vart raud med det same . . og kor lett kunde dei ikkje merkja det!

Han stod som paa gløder og snudde, snudde paa seg, so dei ikkje skulde sjaa han i augo.

»Saag du nokoslags ungar nedanfraa husmannspladsa heruppe igaarkveld?« tok ho mor *i* att. Ho skyna ikkje, at der kunde finnast nokon, der helder, som var slik rakkarfant, at han saag mun

i aa gjera dette, sa ho; men um *han* visste nokon . .? Nei, han vaaga ikkje aa nemna nokon, han helder. — Det var no kome so vidt, at han stod berre og svelgde og svelgde, men fekk ingenting ned.

Mor aat Berdines hadde no lyft gutungen sin upp og turka taarorne av han med fyreklæde. So gjekk dei endeleg, og Ola fylgde smaasystrarne sine burt aat dørhella her hjaa dei; ho mor var gjengi inn i fyrevegen.

Han anda som han skulde vera sloppen ut or ein sekk og vilde gaa orvegen og gjøyma seg; men fyrr han hadde snutt seg, kom ho mor ut i døra og tok paa nytt lag til aa spyrja og spyrja um den hunden, so han vart gjenomredd att. Han laut til aa berga seg med ljuging att, so han mest skjemdest av seg sjølv, der han stod. Han fann paa ei soga um, at han *og* hadde gløymt katten sin deruppe og vore med Tarald igaar etter no'n; men alt i eit heldt han paa aa staa fast i lygna. Han var so lite vane med slikt. Og heile tida laut han gjera seg arbeid med aa grava mold or ein tresko, som stod der, so ho ikkje fekk sjaa han i andlite. Daa tok veslebarne inne til ull lukka til aa skrika; ho mor skunda seg inn, og han snikte seg upp paa stovelemen for seg sjølv.

— — — Uff, det var nok ikkje so slugt eit

paafunn, som han hadde trutt, dette, aa sparka ned steinhuse.

Naar alt kom ihop, so *var* det noko utrulegt, at det skulde rasa ned sjølv; rasa ned plent dengongen hunden var der, medan hans hus stod . . . Og var der fyrst mistru um, at nokon hadde gjort det, korleis kunde han so vera trygg? — Det hadde ikkje netupp lydst so paa henne mor no sist, at ho *plent* trudde han hadde gjort det . . endaa. Ikkje dei andre helder — nettupp. Men underlege var dei, og kor lett kunde ikkje eitkvart koma upp, so dei fekk full misstru? Kven visste . . einkvar av folka her elder burti andre stova kunde ha set han fara uppaat ufsa igaarkveld . . . set, at han foor der og luska aaleine i myrkna. Det kunde koma upp, naar dei kom heim til middags, og visste dei so mykje, so kunde det vera slemt aa berga seg. Ja, det var kje eingong visst: einkvar kunde ha sta paa lur og set mest alt . . .

Og tenk, um det kom upp!

Ho mor kunde snaudt tru nokon framand unge fraa husmannspladsa til det. Kva vilde dei so seia, um dei fekk vita slikt um *han* . . . han, som altid hadde voret beste kammeraten hans Berdines!

Han hadde nok tenkt paa faaren og skamma

ved aa verta uppdaga fyrr og; men han skyna no, at det vilde verta tridubbelt verre, enn han hadde drøymt um. Ei skam so stor, at det aldri var til aa halda ut.

— — — Men *kunde* nokon ha set han igaarkveld lell . .? Han foor daa so varlegt fram; saag etter, at der ikkje var nokon ute nedi tune, og det hadde myrkna so mykje. Og kven saag vel etter slikt elder brydde seg til aa lura . . . der han foor og tusla so ofta?

Han prøvde aa trøysta seg med, at heile suta var berre reddhug og grillor; berre noko tøv. Men suta — ho sat nedfor bringa som ein vond styng likevel. — Sistpaa prøvde han aa gjera seg kald og hard og irra seg upp med, at Berdines hadde ærleg fortent aa faa hunden utskjemd. Vart det uppdaga, og kom dei med vondt yver han, so skulde han svara og slengja att i snuten paa dei, kva Berdines hadde gjort mot *honom* fyrst. So kunde dei nasa paa det og sjaa, at Berdines ikkje var betre, han!

Han knytte næven i lommen og sputta burtyver golve. Men — ikkje det helder hjelpte mot suta; for daa han kom ihug, kor saart Berdines gret, kom det spursmaale krjupande yver han: hadde Berdines *verkeleg* vore so vond, at han hadde fortent ei slik hemn? Kva hadde Berdines igrun-

nen gjort? Alt, som stod imillom dei, var med eit vorte so underleg smaatt no. Naar han kom ihug klammerie buitved stalldøra igaar, laut han vedgaa med seg sjølv, at han nettupp sjølv hadde mest skuld i det, sint og pirreleg som han var. Likeeins var det um sundag uppved ufsa. Han kunde sistpaa ikkje nekta for seg sjølv, at den sanne grunnen til det han hadde gjort, var missuning mot Berdines for hunden var finast — svart missuning. Kva hadde han so aa seia, um det kom upp? Kunde Berdines for, at morbror hadde gjeve han det finaste?

Til lenger han tenkte, til verre og skamlegare vart det han hadde gjort. Og medan den eine tanken verre enn den andre kom veltande, heldt dei paa og mumla og snakka i stova nedanunder. Han totte heile tida, at det var um hunden . . . hunden . . . hunden og honom sjølv; men det var uraad aa høyra det skile.

Uff . . . Samvitsagge vart sistpaa so fælt, at han ikkje hadde nokon fred paa seg her lenger. Han laut ut.

Endeleg kom far og dei andre folka heim til dugurs, og Ola stod liten og redd uti gongen med øyra aat klinkehole.

Jau, ho mor tok snart til aa fortelja um hunden og Berdines; men der var ingen, som gat

noko um *honom,* elder at dei hadde set han igaarkveld. Han anda lettna og smaug ut; men endaa var det ikkje visst: der kunde vera kome meir for dagen burti andre stova, med' folka var inne der — Han gjekk sidan og luska og lurde og saag etter Berdines. Kunde han faa fat i han og høyra . . .

Men Berdines heldt seg helst inne idag. Og aa gaa burt aat hi stova til han vaaga han ikkje. Med nokon av dei vaksne derburte vaaga han helder ikkje aa knetta i seg um denne fillegreida. Soleis gjekk time etter time — lange og seige. Det var som vondt i alt denne dagen: han var so lang som tri andre.

Jau endeleg saag han Berdines; han laag og grov attunder dørhella derburte. Med bankande hjarta snikte Ola seg burt og lirka og slog paa snakk . . . Nei — han skyna snart, at det ikkje var kome noko upp der helder. Berdines berre sutra og var mutt; snakka litt um husmannsungarne og sutra att og visste ingenting.

Gud skje lov! — Ola gjekk strakst attende. Endeleg letna den fæle tyngsla for bringa, og sidan utyver etterno'n sveiv suta for uppdaging meir og meir burt. — Men det var no best aa vera varsam endaa. Serleg lika han ikkje aa koma mykje i snakk med mor si. Han heldt

seg difor mest ute for seg sjølv. — Mot kvelden gjekk han burt aat løda og tok til aa lø ihop noko smaaved, som laag der. Daa kom Berdines tuslande og sette seg paa ein stabbe og saag paa han. Han sutra ikkje lenger, men han var kalleg bleik og sturen.

»Du,« sa Ola, daa han hadde sote eit bil, »skal me klyva upp i kjerra der og ha henne til skip?« Han totte han laut finna paa eitkvart til aa gjera Berdines gladare, og dei hadde so ofta fyrr um kveldarne havt moro av aa sigla i den tome mykkjerra. Men Berdines brydde seg ikkje. Han berre snudde paa seg og sa, at han trudde dei skitna seg i kjerra.

»Men du,« sa han, daa han hadde sote tagall eit bil, »du, kor hev du katten din?«

»Katten . . . aa han er vel uppi steinhuse endaa,« svara Ola laagt.

»Men der maa du 'kje ha han,« sa Berdines. »Der kunde koma einkvar inott *og* aa slaa han sund. D'er betre du tek han heim ikveld.«

»Ja ja — det er visst betre,« mumla Ola — han vaaga ikkje aa snu andlite mot Berdines. No kom han ihug, at katten var finare enn hunden — han hadde snaudt kome det ihug fyrr heile dagen. Men kor var no gleda yver det? Det stakk honom berre vondt aa koma ihug den

katten. — Berdines, stakkar, vilde kanskje aldri verta skikkeleg glad meir, og det var *hans* skuld! Her sat Berdines endaatil og hadde umsut for katten, medan han . . .

Han hadde so fælt samvit, at det var vondt aa berre sjaa Berdines. Han tok paa seg eit fang ved og gjekk inn.

7.

Dagen etter var Ola seint uppe, og snakke um den usæle hunderumpa var no stilna av for det meste. Han tok til aa kjenna seg fulltrygg. Naar der ikkje var kome noko upp endaa, so visste han ikkje, korleis nokon skulde faa nuss i det sidan. — Idag arbeidde Tarald, tenestekaren, burti mottinga heile dagen; han hakka paa ris og vølte til eit og anna etter vaaronna. Ola og heldt seg helst der. Det var liksom endaa sikrare her enn inne i stova; for det var 'kje visst . . . kom han Berdines burt aat stova, so kunde ho mor finna paa aa byrja med det meinslege hundesnakke endaa. Han hadde funne seg øks og stabbe og hakka ris, han og. Tarald song stev og fortalde rispor, og det var rett morosamt. Men bakvendt skulde det vera likevel . . .

Just som det var paa det beste, kom Berdines i døra og ei heil horg med gutungar fraa grannegarden; dei foor her oftare og reek no, etter det var vorte vaar og godt aa springa kringum. Dei hadde nettupp høyrt um ulukka med hunden, og her som Ola hadde trutt seg mest fri, vart det med eit eit snakk og leven um denne avbrotne hunderumpa verre enn nokongong. Dei kom inn og flokka seg kring han. Dei nidglaama og nidspurde, snakka i munnen paa kvarandre og var forbina. Sistpaa fekk dei Berdines til aa gaa etter hunden.

Aa nei — aa nei — aa nei! Alle klaga og nidklaga for den fine hunden; alle maatte faa neva paa han og sjaa *vel* paa rumpestubben, og dei var endaa verre enn dei vaksne til aa ha misstru um, at einkvar hadde gjort det med vilje, av vondskap. Dei gapt eog var reint visse paa det. Ein kunde daa *vita,* at huse datt 'kje ned sjølv!

Men kven kunde ha gjort det . . . kven i verda var slik skarv? Dei tok til aa gissa og kviskra, att og fram, upp og ned.

Ola ynskte seg ei heil mil burte fraa dette humlebøle. Um han var nokso trygg, so var dei so harmeleg gapne og nasvise til aa spyrja, desse gutungarne. Men det var no som igaar: han torte 'kje røma burt altfor snart helder.

»Og kva grunn kunde nokon ha til aa gjera det, skynar du det?« ropte ein.

»Nei, d'er ei fura . . . men det maa vel vera ein, som var sint paa Berdines og vilde hemna seg,« sa ein annen.

»Men veit du nokon, som var sint paa deg, Berdines?« ropte nokre paa ein gong.

Han saag upp med sure augo.

Nei — han kunde ikkje seia so visst . . .

Daa retta tenesteguten seg upp, og der gjekk eit grin yver andlite hans.

»Men *eg* veit pitladø um ein, som var sint paa Berdines just ein af dagarne, fyrr det gjekk skitt med hunderumpa!« sa han. »Eg veit um ein, som kasta ein paak etter han og ikkje trefte og sidan var kalleg olm.«

»Veit du det? Kven var det daa, kven var det! og kva var han sint for?« ropte den eine yver den andre.

»Eg veit misæl ikkje, um eg torer seia det; men so mykje er visst, at han vart sint, daa Berdines sa mus-katt, mus-katt!« glikka Tarald og blinka burt mot Ola. So tok han til aa hakka att og lo; men dei andre lo ikkje. Dei hadde alle snutt seg mot Ola og stirde . . .

»Muskatt — d'er sant, han Ola hev ein katt. Muskatt — det vart han so sprikkande sint paa

um sundag og,« kviskra ein — det var just han vesle Hans Utigarden, som Ola hivde ei torva etter um sundag uppved ufsa. »Og han var so sær paa, at me kalla hunden finast,« kviskra ein annen og flirte og grein.

Ola stod berre og svelgde Han prøvde aa gjera seg likesæl og læ aat heile snakke, men fekk det ikkje til. Han vart med eit so ustød i knea og kjende hjarta klappa.

Dette klammerie med Berdines var altfor sant, og her lurde kanskje ein ny, fæl faare . . .

No tok Berdines *og* til aa sjaa paa han; nokre av dei andre spurde meir um tretta, og Tarald grein og fortalde heile soga.

»Hm . . jaso . . aahaa . . .« sa ein.

»Ja so er det kanskje ikkje so visst . .! Eg trur han raudnar *og,*« mumla ein annen — det var paa nytt lag han Hans, som hadde fengje torva etter seg. Og so blinka dei allesaman til einannen —.

No slengde Ola vesle-øksa fraa seg, og han kveiktest med eit upp i sinne, so det døyvde heile suta. Ingen hadde set honom gjera noko med hunden . . . dei kunde kje prova eit mukk mot han — og so skulde han likevel staa her til skam og bisn for alle!

Han gjekk beint burt for nosa aat Tarald.

»Kva er det du stend her og laprar og lyg ihop? Kanskje du vil skulda den rumpa paa meg, din ljugar?« spurde han; — han gjorde seg hard som stein og skjeggla paa Tarald.

»Nei høyr paa den litle der! So du er vorten sint og skal til aa pusla og gjera snut!« sa Tarald og storlo av, at han hadde fengje Ola uppert so svint.

»Eg hev ikkje sagt, kva du hev gjort; men større gudsengel er du vel ikkje, enn at du vel altid *kunde* brota av ei rumpa!« tok Tarald i att og grein meir og meir eglande.

»No skuldar du det paa meg att! Eg skal klaga deg!« sagde Ola og gjorde seg tjukk i mæle og stræva med aa faa fram skuldlause taaror. »Og hellest tenkjer eg, du kan lata vera aa fara med lygn paa nokon du . . din tobaks-tobaks-snappar!« lagde han til og ølmde seg meir og meir upp. Daa vart Tarald litt raud i hausen og lo ikkje lenger; han hadde verkeleg lurt til seg ein halv tobaksrull inni hylla eingong; — dei hadde funne 'n att i lommen hans.

»So du skal til aa kalla ærleg mann tjuv du, din pundar!« snerra han sint. »D'er best du passar paa kjeften din! . . og vilde eg seia det eg hev set av deg ein kveld, so tenkjer eg, der skulde vanka baade ris og graat og fliping med det allerfyrste!«

Han grein og lo paa nytt lag. Han hadde vore med Ola og slege ball ein sundagskveld for litt sidan, og midt under leiken kom Ola i skade for aa kasta ballen mot staburs-vindauga og knusa heile to rutor. Dette saag ingen annen enn Tarald, og han lova aa tia med det. Ola var soleis sloppen for baade skjenn og ris for det. Det var det, Tarald no truga med; men det kom ikkje Ola lenger ihug. Han kom ikkje ihug anna enn hunden og rumpa . . . hunden og rumpa og *den* kvelden, og han fekk ein støkk i seg, ein avskræmeleg støkk, so han stod som klumsa.

»Kva var det du saag ein kveld?« ropte gutarne og flokka seg forvitne rundt Tarald. Han var svert løyndomsfull og lest som han vilde ikkje ut med det so svint: men *det* kunde han seia, sa han, at det var noko, som var dugeleg ris verdt!

Han skjeggla full av vondskap burt paa Ola; men Ola fekk ikkje eit ord fram.

Hadde han Tarald set han den kvelden likevel . . .? Var det for det, han hadde sta her so vonskabsfull og med slike underlege laattar?

Han var vorten glodande heit yver heile kroppen, han kjende det gløda i kinnarne — og so tok alle dei nasevise gutarne til aa stira paa han att! Det tok til aa svimra for han . . . so

heldt han henderne upp for andlite og foor ut.

»Fær eg ikkje fred, so skal eg inn og klaga dykk allesaman!« tuta han og lest som han gret; men han kjende med seg sjølv, at denne graaten ikkje lyddest vidare skuldlaus elder ærleg. Og med kryl paa rygg foor han burt um lønova og snikte seg inn i vedskjole. Der vart han staaande og kjende snaudt grunnen, han stod paa.

Hadde Tarald set han likevel!

Ja, det kunde kje vera anna . . . Og kva var lettare. Han kunde just ha vore burti løda etter høy aat hesten og set ut ein glugg paa øvre sida. Elder sta' uppved smidja og lurt elder . . . Nei, det var vel helst i løda; dei glugg arne hadde han aldri kome ihug den kvelden, og det *var* nok ikkje myrkare, lell, enn at . . .

No fortalde han det vel til heile flokken derburte; so vilde heile garden vita det um ei lita stund, og kva kunde han so venta seg?

Han dirra . . . dirra i knea og kjende hjarta hamra. Det hadde vore ei fæl skam aa verta uppdaga igaar; men kva var det mot idag, etter han hadde brukt slike lygner og hyklarminor til aa berga seg med . . .! Og han, som hadde trutt, at han no var trygg! Gu' hjelpe . . .! Men at han Tarald ikkje hadde sagt det igaar, naar han visste det! Han hadde kanskje tott synd um han.

Men no . . .? Uff, at han ikkje tok seg ivare for aa erta Tarald so upp . . . so hadde han kanskje tagt med det altid. Men kven kunde vita, kva han bar paa? Nei at han ikkje helder tok seg betre ivare den kvelden; — venta, til det vart myrkare elder . . . fader-vaar . . . leet heile hunden vera! . . .

Det var so fælt alt ihop, at det var kje til aa tenkja paa. Han tenkte tilslutt paa aa røma uppaat lidarne og gjøyma seg radt *av*; — han var alt utfor døra; men der snudde han att. Kva gagn var der i det? Dei kunde sjaa han og koma etter. Og um dei ikkje gjorde det, so laut han eingong heimatt likevel. Eingong kom det, og det var kje betre aa gaa og pina og venta paa det. No saag han Tarald gaa inn til nons. Han stod og stirde paa døra derburte lengje etter ho var attlukt. No tok han vel snart til aa besa og fortelja der og. Kva *sagde* han tru? . . .

Han far var nok ikkje innkomen endaa, og Tarald laug kanskje ihop endaa meir enn det var, naar han fek snakka med henne mor aaleine no, han var so sint . . .

Denne tanken kveikte han. Han gjorde seg hard — hard som flint og gjek ut or vedskjole; han vilde inn aat stova. Han laut gjera det han

kunde; — prøva aa skulda noko paa Berdines endaa . . .

Burti tune saag han dei andre gutarne. Han gjek berre og venta, at dei skulde byrja aa læ og skraala um ustykkje hans; men nei, dei knatt kje i seg. Og inne i stova var det likeeins. Korkje ho mor elder dei andre sa noko; berre kan Tarald, som sat burtpaa benken, grein og blinka stygt.

Kva var dette — kanskje han ikkje hadde sagt noko endaa? Ola stod innfor døra og stirde usikker. Litt etter gjek ho mor ut aat kjøken etter supansfate og smaagjentorne fylde med. Tenestegjenta var kje helder inne — berre Tarald sat att. Daa smaug Ola skjelvande burt til han og vaaga seg til aa kviskra og spyrja, um han hadde sagt noko.

Tarald lo hemnfult.

»Du fortenar det, din knekt . . . du kann ta deg ivare!« sa han; men han hadde likevel ikkje sagt noko *endaa* — korkje med gutungarne derburte elder her.

Idetsame kom ho mor inn att, og Ola smaug burt aat omnekroa. Han pusta ut, og der tok til aa ljosna eit lite glim av von for han.

Var det ikkje kome upp *endaa,* so kunde han kanskje faa Tarald til aa tia med det, naar han

bad og tigga han . . . naar han naudbad og lova, at han aldri skulde nemna det tobakke meir!

Han sette seg liten og still ved borde og gjek etterpaa ut i dørorne og prøvde aa faa snakka med Tarald, naar han gjek ut. Men det var ikkje so lett gjort, det. Tarald var aldri aaleine, og naar der var fleire tilstadar, kunde han kje nemna det. Og sidan gjek far og Tarald til skogs. Han maatte soleis gaa og venta radt til kvelds. Og skulde no Tarald vera so sint, at det ikkje nytta aa be han! Det kunde henda det og. — Det var ein drjug etternon igaar; men idag var det endaa mykje verre. Og medan han gjek der og slong og sytte og ikkje visste noko aa finna paa, saag han gutarne fraa grannegarden fara glade og syngjande utyver bøarne paa heimveg og Berdines midt imillom dei. Mot *honom* kappadst dei alle i aa vera snilde etter ulukka han hadde havt, og han saag alt ut til aa ha vunne yver sorga fordetmeste. — Ola kunde mest ikkje halda graaten, og det skar han aa høyra, kor glade dei var.

— Endeleg vart det kveld. Endaa var det ikkje so lett aa faa snakka med Tarald; men sistpaa vart de tvoeine uti kjøken eit lite bil.

Det var fælt skamlegt aa lota krjupa for Tarald og be han aa tia, etter han hadde brukt

slik snut mot han idag; men det laut til. Berga seg laut han, og med graattjukt mæle byrja han aa slaa paa snakk um det Tarald hadde set . . . *den kvelden*. Han vaaga kje aa nemna sjølve ustykkje sit; dei kunde høyra eitkvart gjenom veggen aat stova. Men han vaaga kje aa lita berre paa *aa be* helder. — Han hadde eingong fengje ein blank tolvskjeling av gudfar sin; den var det gjevaste han aatte, og han hadde gjøymt paa han som ein augnestein; men hjelpte ikkje anna, so var han no vorten samd med seg sjølv um aa lata Tarald faa sjølve *den* for aa tia. Han stod med 'n i næven. — Tarald vart forbina, daa han høyrde, at Ola var so rædd og bad honom so tyndt um aa tia, og han gjorde seg litt vrang for aa ha moro av det. Daa kom Ola stikkande med tolvskjelingen.

Ja . . . var det *so* spelegt, so kunde han altid tia og, sa Tarald og tok mot skjelingen.

Det svimra for Ola . . . der sprong den og!

»Men so maa det vera visst!« kviskra han andpusten.

»Ja, ja daa . . .« sa Tarald.

Ola hadde tenkt aa spyrja litt meir og; — korleis Tarald kom til aa sjaa han den kvelden; men han kom seg ikkje til. Tenestegjenta og mor gjek ut og inn og kunde snart faa nuss i

eitkvart. Still som ein katt smaug han inn aat stova att, og endeleg kunde han leggja seg med ro, trøytt og utpint etter den lange dagen.

8.

Tri dagar var gjengne. Det hadde vore regn og uver igaar, men idag var det letta uppatt. Skodda dreiv uppetter lidarne, og sola kom fram dubbelt blank og varm etter uvere. Bøarne grønka, og uppi lidarne voks lauve, so ein kunde sjaa dagamun paa det. — Paa dørhella sat kaaten og sola seg; burtetter tune gjek hønsa og kakla og skok vengjerne i solskine; hanen skreva beint upp paa ein høg stabbe og gol, og uppetter bakkarne foor der nokre gutungar og skraala og hoppa.

Men for seg sjølv burtfor vedskjole sat han Ola og beit i ein kjepp, og den, som ikkje song og skraala, det var han. Og den, som surmula og var mutt, det var han Ola.

Han hadde trutt, at han skulde vera so vel fri alt meir snakk og sut for den usæle hunden no, sidan han fek be Tarald til aa tia og gav han skjelingen. Jau — det var rektig rart med det! Tarald hadde helde ord og tagt — det var ikkje det aa klaga paa. Men det var longe forseint — det uppdaga han dagen etter.

Berdines var uppunder ufsa daa att og tusla og stelte med husa sine, og Hans Utigarden og nokre andre gutungar fraa grannegarden var der og. Det var vorte slikt eit *svert* venskap med Berdines og *dei* no, saag det ut til.

Daa kjende han seg so trygg, at han gjek upp, han og. Han hadde lote gaa og skulka aaleine so lengje daa, at han var svert leid av det. — Men det vart kje stort moro deruppe. Dei andre gutarne hadde hjelpt Berdines til aa byggja uppatt det nedrivne huse, og han brydde seg kje um honom. Han vart berre mutt, daa han kom, og dei andre gutarne tok strakst til aa glikka og snakka med løyndomsfulle ord um hunderumpa. Stødt um den hunderumpa. Og det var altfor lett aa skyna, korleis det hekk ihop.

Um Tarald ikkje hadde fortalt noko dagen fyrr, so maatte dei ha fengje misstanke av det løyndomsfulle snakke hans. Og kanskje han sjølv *og* bar seg slik daa, at det saag underlegt ut.

Han prøvde fyrst aa halda seg blid og ikkje bry seg. Naar dei ikkje visste noko visst, maatte dei vel slutta eingong. Han stelte med husa sine og ikkje saag paa dei eingong. Men nei, dei forargele kjeftabriskarne heldt paa med sit likegodt, dei. Og medan dei fniste og var uvyrdne, peikte han Hans Utigarden paa hunden, som Berdines

hadde med seg og hadde sett fraa seg paa ein stein. Der stod hunden og pranga med rumpestubben. Han vart sistpaa so arg og sint paa dette fortærandes rumpesnakke, som han aldri kunde verta kvitt, at han kom upp i aa trettast med den dævels Hans'en og hivde ein stein paa han. Men daa gjek det ille. Han Hans fauk upp i eit brennande sinne og sette paa 'n, og han var mykje sterkare. Han hivde honom ikoll atti steinarne, so han fek naseblod og ein kull i skallen, og etterpaa tok Hans til aa kasta stein og sparka paa husa hans, so dei datt iskruk mest allesaman.

Der laag alt han hadde bygt so lengje paa og vore so gild av!

Det enda med, at han foor ylande og graatande heimyver og vilde klaga dei allesaman. Men kva hjelp var der i det . . .?

Han stansa nedved løda.

Skulde han klaga seg for henne mor og gjera staak av det, so kunde Berdines og dei andre *og* gjera staak og fortelja, kva slagsmaale hadde kome seg av — at han sjølv fyrst vart sint for det snakke um hunderumpa. Men det snakke um hunderumpa — det var nettupp det han maatte ta seg ivare for! Vart det no endaa meir kjefting

um det, so kunde det siste verta verre enn det fyrste . . .

Han krylte seg inn paa laaven og visste ikkje annor raad enn aa tia og bita i seg alt ihop. Men . . . um *han* tagde um dette — vilde kje Berdines fortelja det til mor si likevel, baade um slagsmaale og misstanken dei hadde til han . . .? Og derfraa kunde snakke koma til mor og far, og han kunde koma under forhøyr og trugsmaal og alt vondt att og ikkje kunna berga seg lenger . . .

Det var so fælt og flokutt alt ihop, at han gjøymde seg *av* og gjek ned til han Paal husmann og var der mest heile ettermiddagen.

— Um kvelden var det ikkje so ille som han hadde ottast, likevel. Ho mor hadde nok ikkje høyrt noko; for ho sa ingenting — berre spurde, kor han hadde vore so lengje. —

Og likeeins var det igaar, og. Daa var det regn, so dei helst maatte halda seg inne, og der kom ikkje nokon av gutarne fraa grannegaarden til aa gjera leidt.

Han trudde difor endaa ein gong, at den fillegreida skulde vera stilna av, endeleg; men nei; idag hadde det synt seg, at han hadde havt god grunn til aa syta for snakke hans Berdines.

Ho mor hadde vore burti hi stova litt, og daa ho kom att, var ho so underleg aalvorleg.

Han Berdines, stakkar, sat og bala med hunden sin, sa ho. Han hadde stelt til noko klister av rugmjøl og prøvde aa lima rumpa paa att. »Og det lyddest mest so, at han trudde *du* hadde slege hunden sund,« sa ho og *saag* so paa han. »Du er daa vel aldri slik ei utoa helder?« Slikt hadde ho daa aldri drøymt um, og kunde han ikkje faa skulda for det fraa seg, so var det best, han sat inne her, til ho hadde funne eit skikkelegt bjørkeris! sa ho og tok han i haare so hardt, at han kjende det endaa.

Han visste kje anna aa berga seg med enn aa graata og tuta, medan han laug ifraa seg alt ihop. Daa sleppte ho han att; men sagde han ikkje sant, so skulde han faa anna aa vita, ropte ho og trødde i golve, so det skrall. Idetsame kom far og Tarald inn til dagurs, og ho sa ikkje meir; men han Tarald munde nok ha sta uti døra og høyrt eitkvart; for han grein og skjekkte verre enn den Svarte sjølv, som stod skildra paa buda-veggen burti hi stova; og skulde no han gjera seg til fant og seia . . .

Det var so usikkert, kor han snudde seg, at han smaug ut og gjøymde seg *av* att, so snart der var raad med det, og no sat han her bak ved-

skjole og visste kje nokor raad. Gu' visste . . . ho mor kunde koma yver han med trugsmaal, sosnart ho saag han att, ho . . .

Svolten var han og; for han hadde kje ete til dugurs; men han vaaga ikkje aa gaa inn.

Og medan han maatte sitja her og kryla og syta, var dei andre gutarne ute og sprong og hadde det gildt. Etter det var letta upp idag, var han Hans og nokre andre komne att og hadde fengje fat i Berdines, og dei var for eit bil sidan farne uppetter bakkarne. Ikkje uppaat ufsa. Dei leet dei nedrivne greidorne *der* vera og foor uppyver aat dei store steinarne uppunder urorne.

Idag hadde han vore klok av skade og helde seg fraa dei. Men kva var det for eit liv i lengden? No skar dei seg vel fløytor og sprong berrføtte paa mosesteinarne og bygde hus, medan han maatte sitja her som eit utskot.

Det tjukna nedi halsen paa han og sprengde paa augo; men idetsame høyrde han tenestegjenta koma burti tune og han skunda seg og svelgde det. — Og umfram alt dette hadde han endaa eit aa tenkja paa, som ikkje var stort betre.

Han hadde idag set mor aat Berdines ferdaklædd og høyrt, at ho vilde nedpaa Stronda til han morbror eit erind. Naar ho kom der, fortalde ho vel til morbror ogso um hunden, og at dei

misstrudde *honom* for aa ha slege han sund. So vart vel morbror og vond som alle dei andre og kom kje til aa bry seg um han, naar han kom der. Morbror, som altid hadde skrept so yver han. Han *og!* . . .

Han reiste seg sistpaa, blytung i hovude og blytung i beina og slong burtetter tune. Alt .var so vonlaust og graatt og vondt, at det var kje maate paa det . . . Idetsame saag han, at ho mor gjek ut og foor burt aat fjose. Daa gjek han stilt inn aat stova, fann seg ein kakebit og klauv etterpaa upp i hylla etter lekseboka si. Kanskje han fek sjaa litt paa den tredje artikkel, sidan der ikkje fans anna aa gjera. Han smaug upp paa lemen, varleg som ein katt. Ho mor vart kanskje snildare ogso, naar ho høyrde, han hadde sote og lese. Han sette seg tett ved vindauga, so han kunde sjaa godt. — Men det vart ikkje stor lesinga av, likevel. Han kunde ikkje samla tankarne. Det var so mykje, som sveiv i hugen, at bokstavarne stod berre som i ei skodd. Og medan han sat der aaleine og usæl og saag ut i det blanke solskine, vart han sistpaa full i halsen att, taarorne braut fram og fall tunge og varme ned i boka paa den tredje artikkel.

9.

So vart det sundag att. Vere var fint som igaar, og Ola sat frampaa fyremiddagen burtpaa stabursheila, sundagsklædd og vaska og stelt, og sola seg saman med katten — den livande, verkelege katten.

Ho mor hadde kje kome med meir snakk um den hunderumpa sidan den gongen igaar. Ho trudde nok ikkje so ille um honom, likevel. Ja ja . . . det var no godt . . . endeleg; men noko gildt var det ikkje idag lell.

Det var kjyrkjesundag idag, og mange var reiste til kjyrkje. Her fraa stova var baade far og mor og smaagjentorne reiste. Han kunde ha fengje vore med, han og, hadde han vilja; men daa han stod upp imorgon og kom ihug all motburden fyrr um dagarne, vart han modlaus og likesæl og furta seg burt. Tanken paa, at han morbror kunde ha høyrt noko, gjorde ogso sit.

No sat han her paa stabursheila og trega og var leid for det, og noko anna visste han helder ikkje aa ta seg til. Burt til han Berdines vaaga han ikkje aa gaa. Han visste ikkje eingong, um han var heime elder med til kjyrkje. Burt til gutarne paa grannegarden var det helder ikkje raad til aa gaa, sidan han var komen so i tretta

med dei. Her var ingen aa hyggja seg til elder ha lag med — ikkje eingong han Tarald. *Han* var reist herfraa igaarkveld; han skulde ikkje vera her isumar og var ferdug med tenesta igaar.

Ja . . . det var no godt det *og,* paa ein maate; for so var han daa fri for all sut for han. Men daa han kom ihug den kostbare tolvskjelingen, han hadde gjeve Tarald, var han ikkje so glad ved dette helder.

Han hadde i lengste lage havt som ei von um, at Tarald skulde vera god i seg og gjeva han att skjelingen um ei tid. Tarald var daa vaksen kar og maatte bruka vit . . . Men nei, det lyddest ikkje noko til det igaarkveld. Han Tarald nemnde ikkje tolvskjelingen eingong. Og *spyrja* etter 'n var der no inga raad med helder. — Han hadde idetheile ikkje snakt stort med Tarald utetter vika sidan den kvelden i kjøken. Han gjek og lo og grein so underlegt etter honom, at han hadde vore radt rædd han. Han hadde ikkje eingong kome seg til aa spyrja meir um, korleis det gjekk til, at Tarald saag han den kvelden under ufsa. Han hadde no kanskje alt kjøpt skjelingen upp i tobak . . . den tobakstjuven. Og det var uvisst, *naar* han, Ola, kunde faa att ein slik skjeling.

Han reiste seg upp av hella og slong burt-

yver tune, sur og bleik, med augo mot marka.

Daa høyrde han nokon ropa paa Ola burtanfraa grannehusa. Det var Berdines; han var komen utpaa hella derburte.

Aa, so han var heime, likevel . . .

»Ola, kom herburt!« ropte han att.

»Kva vil du?« ropte Ola og vart staaande; han visste kje rektig, um han skulde vaaga seg derburt.

»Kom, so skal du faa vita det!« sa Berdines, og daa gjek Ola; det lyddest ikkje paa noko vondt.

»Kva er det no?« spurde han, daa han var komen burtaat hella.

»Ver med inn aat stova, so skal du faa sjaa noko fint!« sa Berdines, og han saag so ovende glad ut.

Ola vart paa nytt lag uviss, um han skulde vaaga aa fylja. Kunde han kje faa vita, kva det var fyrst . . . elder sjaa det her utpaa hella? Nei, Berdines var alt komen inn i stovedøra og stod berre og lo og vitta paa han. Berre kom — der var ingen inne! Han far var reist til kjyrkje, og ho mor var i fjose.

Daa kunde Ola ikkje staa imot — og det kunde henda, der var noko aa sjaa! Det var ein ny hund, blenkjande raudmaalt, med gul ring

um halsen og mykje større enn den gamle. Og attaat det var der ein liten pikke gris, som var gulmaalt og raudprikkutt. — Dette hadde Berdines fengje igaarkveld, daa mor hans kom heim og hadde vore nedpaa Stronda hjaa han morbror.

»Han morbror sende det til meg, daa han fek høyra av henne mor, at hunden min var sundslegen,« sa han. Det var anna, enn den gamle hunden, det! Berdines var so glad, at han mest ikkje kunde staa roleg. Og neter hadde han ogso fengje fraa morbror . . . sjaa her! Han tok upp or ein pose og gav Ola med seg.

Ola stod berre og tagde og undra seg yver det rare nye og saag nedfor seg. Kva hadde han no for han hadde slege hunden sund? . . .

»Men du,« spurde Berdines, »veit du, kva ho mor seier?«

»Nei.«

»Ho seier, at eg maa passa vel paa rumpa aat den nye hunden og aldri gaa ifraa han ute um netterne.«

»Jaso . . .« Der gjek eit lite stik i Ola med det same; men det saag kje ut til, at Berdines meinte noko med det. Han berre lo og gjek so burt aat hylla etter den gamle hunden og synte, at han hadde limt rumpa paa han att med rugmjølsdeig. Han trudde ho stod

reint vonas fastare. No skulde han vesle Herman faa 'n, sa han. Og medan han prata og beit neter, fortalde han, at han ikkje lenger trudde nokon hadde slege sund hunden med vilje. Han kunde nok ikkje bera paa nokoslags misstru no lenger, sidan det var enda so ovende godt.

Ho Gunvor, tenestegjenta, hadde no kome ihug, at ho slepte grisen ut ei lita stund den same kvelden som huse var neddotte, sa han, og han trudde no helst, at det var *den,* som hadde fare deruppe og skubba det ned. Det trudde ho mor og, sa han; for ho kunde aldri tru, at nokon annen enn eit svin saag mun i aa gjera slikt — sa ho mor.

»Nei . . . det var kje *trulegt,* at nokon annen sku' bry seg med det . . .,« sa Ola, han saag paa nytt lag ned i golve.

»Men du Ola,« sa Berdines, »kor hev du katten din?«

»Aa, han er vist uppaa hylla derburte,« sa Ola laagt. Han hadde bore han heim fraa ufsa kvelden etter ulukka med hunden og sidan aldri brytt seg til aa sjaa paa han.

»Aa, ja men du . . .,« sa Berdines, »vil du kje helder gjøyma katten i same huse, som eg hev hunden og grisen?« Dermed sprong han burt aat hylla etter ein fin cigarkasse, som ho

mor hadde fengje hjaa han morbror. Den hadde han fengje til hus for dyra sine. Og der var godt rom for katten og. Der kunde dei gjøyma dei kvar nott og ha dei sikre.

Ja, det hadde kje Ola noko imot, og so sprong dei beggje etter katten. Daa dei kom att, var mor hans Berdines komi inn, og Ola skyna strakst at det maatte vera sant som Berdines hadde sagt: at ho ikkje hadde misstru ho helder no. Ho var so tyd og blid; ho skrepte yver katten hans og gav han ei smørkringla, som ho hadde kome heim med igaar. Og ho hadde kanskje ikkje sagt noko leidt til han morbror helder, naar det stod slik til . . .

Dei lagde dyra sine i kassen, og so sprong dei ut i solskine og var gode venner som fyrr.

Endeleg kunde Ola kjenna seg trygg — *endeleg*. Han var so lett og glad, at han berre song og hoppa, og naar han berre var fri suta, brydde han seg kje, um den nye hunden og grisen hans Berdines var fem gonger so fine som katten . . .

Idag hadde dei ogso fred for gutarne fraa grannegarden. Dei munde vera til kjyrkje; for dei kom ikkje her. Daa gjek det godt med kva dei tok seg til, og Ola var hjelpsam som fyrr. Fyrst var dei burtved bekken og bygde stemmer,

og etter duguren gjek dei uppunder ufsa og tok til aa byggja uppatt dei nedrivne husa der. Det var moro i alt idag; men plent so gildt som daa dei bygde hus her fyrr var det ikkje likevel — totte han Ola.

Han Nils, som gjekk tilskogs

Folka uppaa Husebø var for ei stund sidan komne ut etter no'n og heldt paa aa raka ihop høye kringum paa engjerne. Det leid fram paa ettersumaren noko og hadde vore regn ei heil tid; men idag var det blenkt upp til godt ver att. Det var difor ein onnug dag idag med alt høye, som var nedslege utetter heile vika. Store og smaa fraa alle dei tri tuna paa garden var paaferde, og dei minste ungarne, som ikkje kunde raka endaa, fylgde etter kvar sine folk, der dei arbeidde, og hadde moro med aa velta seg i dei turre høydungarne og skraala til einannan. Sistpaa klauv nokre av dei mest modige av dei yver steingjerde til einannan og kappsprang og stupte kraake. — Berre ein smaagut var ikkje med i noko av dette. Han var noko større enn dei andre og sat for seg sjølv paa ein stein eit stykkje ifraa og berre skjegla og saag harm burt paa hine ungarne. Det var han Nils, son hans Knut i austrestova, ein sterkvaksen gut paalag ti aar gamall.

Han hadde fyrr idag vore med og arbeidt mest heile tida. Vilde han vera rask og trugen til nons, so skulde han faa vera fri heile etterno'n, hadde far hans sagt imorgon, og no hadde han vore trugen til nons og var fri. Han hadde snutt slipesteinen, daa han far slipte heile tri ljær; han hadde vore med og rakt og kjøyrt høy og mykje anna. Han hadde gjenge, so han hadde sveita, han som ein annan kar; men tanken paa fritida etter no'n hadde gjort alt lett. Han hadde nemleg tenkt aa nytta denne fritida til noko gildt, som han hadde havt i tankarne i mange dagar, noko framifraa gildt. Det var aa gaa aust tilskogs og plukka blaabær.

Daa gjetarguten for nokre dagar sidan kom heim av sæteren eit erind, kom han med nokre store busker av blaabærlyng med bær paa, og dei var so store og søte og gode, at det var eit syn. Og slike bær var der i mengdevis av inni skogen, hadde han sagt. Der var heile lyngbakkarne yverblaa, og dei var just no paa det beste; godt gjorne og ikkje forgamle. — Daa hadde Nils og Sigri, den litle syster hans, gjort seg istand med næverskrukkor til aa henta bær i og fengje lov til aa gaa tilskogs einkvar dagen. Dei var ikkje nettupp kjende so langt aust i skogen, der blaabærbakkarne skulde vera; men

det kunde ikkje vera nokon vande aa finna dei likevæl. Der gjekk ein stor, breid buveg innetter heile skogen, og naar ein kom eit stykkje inn, so var der bærtuvor tett ved vegen, hadde gjætarguten sagt. Dagen etter han var heime, hadde dei vore paa vegen tilskogs og; men so lagde det til med regn, so dei laut snu heimatt strakst, og sidan hadde det vore regn kvar dag og uraad aa koma nokon stad.

Fyrst no idag var det letta upp att; men so hadde det vore so onnugt med høye, at dei ikkje hadde fengje gjenge tilskogs um morgonen. Men no var ikkje det helder ivegen lenger. No var han fri heile etternon og kunde gaa kor han vilde, og ho mor hadde lova, at ho Sigri skulde vera fri for aa sjaa til vesleungen etter non, so dei kunde faa sleppa avstad og henta bær eingong. Dette hadde han fegna seg til heile dagen. Det kunde aldri vera laglegare tid til bærhenting, aldri; men daa han hadde funne fram næverskrukkorne og sagde til Sigri, at dei skulde avstad, kva hende ikkje so! Jau, daa hadde ho Sigri kome av det og vilde ikkje vera med! Slettikkje. Ho hadde slikt moro med alle ungarne utpaa bøarne, at ho ikkje brydde seg um blaabær, og det var so fælt langt aa gaa alt tilskogs no etternon, sutra ho. Ein annan gong helder . . . Det

hjelpte ikkje alt han snakka for henne og lokka. Ho gjorde seg berre rar og spann upp altslags motlegg og flaug sistpaa beint fraa han og burt til Turid og Anna, dei tvo smaa gjentungarne aat den eine grannen. Desse fille gjentungarne hadde ho jamnt slikt karlas med, ho Sigrid, og dei hadde no slik ei svær moro alle tri med aa byggja hus og fuglereid burti ein steingard. Der var han Tjerand, den vesle stubben hans Ola nedistova og, og han hadde dei ogso svært moro med. Han heldt just paa og skulde læra snakka, og naar dei fekk han til aa stama »tat—tat—tat-n« for katten og gli—glisen for grisen, so tisla dei og lo og klappa i henderne, og ho Sigrid sprang med flaksande haar burt til mor hans Tjerand og fortalde, kor glup han var til aa snakka. — Men honom, Nils, lest ho 'kje sjaa. Skulde ein sett paa slik vrangkrok som den Sigrido! Nils gjekk sistpaa burt og baud henne betaling for aa vera med. Han baud henne ein liten papirdaase, som han hadde kjøpt av gjetarguten og gjeve ein heil skjeling for; men *endaa* sa ho nei og vilde helder vera med gjentungarne her. Der var so *fælt* langt alt tilskogs, sutra ho.

So flaug ho fraa han att, og han sat no for seg sjølv burtpaa ein Stein med næverskrukkorne slengde fraa seg og var raud av sinne og saag

olmt etter systera. So godt ver og laglegt alt — og so alt verta uppi ingenting, avdi ho var so vrong! Han kunde ikkje truga henne med, og naar *ho* ikkje vilde, visste han ingen annan aa faa med. Gutungarne i nedrestova var forsmaa til aa gaa so langt, og gutarne i vestrestova so store, at dei ikkje slapp ifraa . . . Og imorgon elder ein annan gong, som ho snakte um, var det uvisst med alt. Han fekk kanskje ikkje gaa daa, elder det kunde verta regn att . . .

Han var nærved aa graata av harm, og han lova dyrt aa hemna seg paa henne, medan han stirde surt innyver aat skogen. — —

— Der var vidt utsyn fraa haugen, der han sat. Nedanfor saag ein grannegardarne og fjorden med blaa fjell og lidar paa hi sida. Vestanfor saag ein ogso gardar langt, langt utetter med fjell og lidar ovanfor; men mot aust var der korkje fjell elder gardar. Der stod ein stor, myrk furuskog radt fraa bøgjerde og innetter alle aasarne og stengde for heile verda paa den leida. Innyver der var det Nils sat og stirde med sure augo; for det var der blaabærbakkarne var, det var *der* Sigrid ikkje vilde vera med. Men . . . kunde han ikkje gaa aaleine og henta bær naar ho var so vrang, og lata henne fljuga med gjentungarne det ho vilde . . .? Hm . . . ja . . . han var

nok ein modig gut, han Nils, naar han var heime — han kunde ta hesten uti buhagen og setja beitle paa han, og han hadde somen slege ihel tri slævor og ein liten orm isummar; men aa gaa plittande aaleine ut i skog og mark so langt, at han ikkje kunde sjaa heimatt elder sjaa atti bøarne elder andre gardar eingong, det hadde han altid fælt for, og særleg hadde han altid havt age for skogen aust i marka. Han var so myrk og tett den furuskogen, og der var altid so underleg stilt og fælslegt. Daa han var liten, trudde han difor, at det var der, dei var, naar han høyrde um huldrer og troll og indianarar, som drap folk. Likeeins trudde han, at dei var der alle bjørnarne, skrubbarne og klapperslangarne, han høyrde um, og folka med halar, som gjætarguten visste um, og han fælte, berre han stod paa steingarden innanfor bøarne og saag innyver aat den myrke skogen, som stod der liksom ei uhorveleg hær av digre, svarte karar.

Ja . . no visste han, at det ikkje var som han trudde daa. Der fanst ikkje troll elder udyr. Indianarar og svarte halefolk var i Amerika og utlanda og ikkje der, og innanfor skogen budde der skikkele' kristne folk, som song og las i huspostilen kvar sundag liksom her paa Husebø. Dette hadde mor hans sagt, og han visste, det var

sant; men den gamle fælska for denne skogen framum andre stader, var han likevel ikkje fri endaa, og han hadde aldri vaaga seg meir enn eit lite stykkje innetter radt aaleine. Naar han var komen innum den fyrste haugen, kunde han aldri vera so trygg paa, at der ikkje sat noko paa lur bak furuleggjerne, som naar han sat heime i stova . . . Hadde han derimot nokon med, um det berre var ho Sigrid, so var fælska som blesi burt. Men no vilde ikkje ho vera med, og der stod han fint med lang nos . . . Det var til aa harma seg upp av. Men . . . um han snakka med henne ein gong til og baud større betaling? Han snudde seg og saag etter henne att, men beit med det same ihop tennerne og gjorde seg hard og sagde høgt til seg sjølv: nei! Det gagna vel ikkje det helder, og kvi skulde han krypa og tigga paa denne ungen lenger, naar ho hadde kasta paa nakken sjølv aat daasen? Det var so skamlegt gjort av henne, at han tilgav det ikkje — neigu gjorde han ei!

Han snudde seg mutt fraa henne att. Nei herregud — den, som berre hadde kunna gaa aaleine og slapp for aa tigga paa nokon! . . . Han stirde lengtande austyver skogen, og so kom han til aa spyrja seg sjølv: kva var det daa igrunnen for noko krypeskap dette, at han ikkje

kunde gaa aaleine? Der *var* daa ingenting aa vera rædd i skogen, og kva fælte han so for? Sola skjein so blank og fagert innyver skogen idag, at der visst ikkje kunde vera det slag myrkt og uhuglegt helder. Fraa grinda innanfor bøarne gjekk beine buvegen austetter skogen (han hadde vore med og jagt kjyre der mange gonger ivaar), og det kunde ikkje vera rett langt, fyrr ein fann tuvor med blaabær. Paa ein halv time kunde han visst vera der. Aa riva neverkoppen full kunde helder ikkje ta lang stunda. Og heimatt — det kunde gaa ein tvo. Fyrr sola var nede kunde han vera heime att med bæra. Tenk, um han vaaga det, likevel . . .: Daa kunde ho Sigrid gaa der med lang nos og vera vrang det ho vilde! Daa vilde ho nok gjerne ha bær ho *og*, naar dei var komne heim aat stova; men daa skulde ho sleppa aa faa noko — aldri so mykje som eit bær. Daa skulde han passa henne att, han! . . . Han reiste seg andpusten upp. Denne maaten aa faa hemn paa og aa kunna syna, at *han* var kar, som brydde seg skidt um denne ungen var med elder ikkje, var likso eggjande som tanken paa dei søte bæra, og han tok næverskrukka si og gjekk innyver bøarne. Han vilde inn aat grinda og sjaa og tenkja betre paa dette. — Snart stod han paa steingarden der-

inne, og hadde det set ljost og fint ut i skogen, daa han sat derute, so var det ikkje verre no. Furorne stod ikkje so tett, naar ein var komen nerrare; og naar sola stod paa den kanten, skjein ho blankt innunder greinerne og innetter alle opningarne, so langt ein kunde sjaa. — Just medan han stod der og saag paa dette, fekk han auga paa, at den eldste av gutarne hans Paal nedistova hadde teke til aa slaa paa ei ækra tett ved steingarden her. Folk so nerre skogen — det var *og* ein god ting, idetsame kom han ihug endaa eit. Ein yngre av gutarne hans Paal hadde tidlegare idag fare tilsæters att med nokre kalvar, som var komne heim paa bøarne. Drivvegen tilsæters gjekk uppetter skogen her, og gjekk han no tilskogs, so raaka han kanskje han Pera-Martin, naar denne var paa heimvegen fraa sætren. Ja, utan tvil . . .! Dette gjorde saka av med eitt. Han hoppa ned av muren paa skogsida og svinga med neverskrukka. Han vilde avstad, hurra, her var gut, som ikkje var rædd, her!

Breid gjekk buvegen innetter skogen, og med stav i hand, berrføtt og med topphua bakyver nakken skreid guten fram.

Det bar uppetter ein liten bakke, so nedatt litt, og so slog vegen krok for ein liten haug, so alt utsyne heim til bøarne vart stengt, og skogen

stod like tett rundt paa alle kantar. Men han vart no ikkje rædd for det, han. Vegen attende var greid aa sjaa, um han ikkje plent saag heim, og her var likso ljost og fint her som utved grinda, so ingenting var aa fæla for. Han tok alt til aa stira etter blaabær; men der var ingenting aa finna, og han skyna strakst, at det var hoste tidlegt aa venta noko *og* endaa. Marka var so nedtrampa her, sidan buskapen var her ivaar, at det snaudt var lauv paa lyngen. Gjetarguten hadde helder ikkje lova noko, fyrr ein kom eit stykkje inn som var noko, og vidare gjekk han, smaabakke upp og smaabakke ned . . . Vegen var like breid endaa; men skogen tok til aa verta tettare no. Høge og bussne stod furorne og stakk greinerne ut mot einannan fraa kor sida av vegen som store nævar, so han berre saag ei smal stripe av himlen. Ja, sume stader rakk greinerne radt ihop, so han gjekk som gjenom ein stor port. Her kjende han seg ikkje regtig att fraa fyrr lenger. Han og Sigrid hadde nok ikkje ofte vore lenger inne med kjyrne. Men var no det noko aa verta uroleg for? Aa slett ikkje! sa han til seg sjølv og skaut hjarta høgt i live. Han kunde aldri tulla seg burt her som var so stor veg, og det heldt endaa paa aa vera so ljost og fint alle stader, at han aldri hadde tenkt, det var slik

midt i skogen. Uppi tretopparne skjein sola, so det glima, og av og til straala ho ned millom greinerne og kasta avlange, blanke flekkjer burt millom furuleggjerne. Rundt ikring sveiv det i tusundvis av mytt og surrande flugor og humlor, medan ein og annan fuglen flaksa og pipta uppi greinerne — og her skulde det vera fælslegt aa gaa aaleine! . . . Han tok til aa tralla og plystra, guten, av berre godt mod (og so tenkte han i sitt stille sinn paa Pera-Martin, som skulde koma av sæteren, og slaattekaren utved muren og). At han ikkje hadde prøvt aa gjera seg til kar og slaa fraa seg denne toskne fælinga for lengje sidan!

Men no maatte det vel ikkje vera fortidlegt aa krøkja ut i tuvorne og lynghaugarne og sjaa etter bær for aalvore. Skogen tok til aa verta langt grisnare her att, og lyngen saag frisk ut. Ved ein stor stein avvega han og smaug gjenom ei rekkja av høg brakje, som voks langs vegen — og for eit syn han daa saag framfor seg!

Andlite hans ljosna upp til eit stort smil. Tuva framfor han blaana og lava av blaabær, og paa tuva etter tuva burtetter var det likeeins. Aa du, aa du, for blaabær! Du hendelse, alle blaabæra! Det var so ein kunde faa næverskrukka full paa berre eitpar tuvor. Sjaa, um han ikkje hadde treft det likevel!

Andpusten gav han seg til aa henta, og det var ikkje rett lengje, fyrr koppen var full. So gav han seg til aa eta blaabær, so han vart svart som ein neger kring munn og nos og langt upp-etter kinnarne, og i denne rikdomen av bær var det ikkje so lengje, fyrr magen *og* var stappande full. — So maatte han til aa tenkja paa heimferda. Han pusta ut og tok upp næverskrukka; men . . . hm . . . her var endaa bær i mengde-mengde-vis her rundt ikring. Det var paa ei lita rund opning millom brakarne, han hadde funne denne fagre grøa, og helvta stod endaa urørt. Ja, mykje yver helvta, og aa gaa no alt, naar der var so mykje, det var liksom hoste snart. Det var altfor gale. Sola hadde nok laagna mykje no; men endaa var ho ikkje gjengi ned, og daa kunde det ikkje ha slik braahast med aa koma avstad helder. Han kunde ha bær i hua, um skrukka var full, og snart laag han paa kne og aalbogar og plukka att. Han tenkte fyrst aa henta berre full toppen elder so; men daa det var gjort, kunde han ikkje lata vera aa fylla *paa* litt til, so hua sistpaa var yver halv. Daa trøyttna han endeleg og slutta. Tuvorne var no sopass snaude, at det altid kunde gaa an aa gaa ifraa dei og. So kunde han daska heimyver i ro og mak. Han tok bærkopparne sine og krøkte nedyver; men fyrr han kom attende

aat vegen, fekk han auga paa noko, som hefte han endaa ein gong. Det var eit stort, underlegt tre, som stod uppi ein bakke. Det var visst ei eik. Jau, det var det. Han hadde set nokre store, gamle lauvtre millom furorne langs bekkjerne herinne; men maken til den eika hadde han no aldri set. Dei nerste greinerne var so bøygde, at dei laag radt nedpaa marka med topparne, og uppetter heile leggen var der so tett av store, busne greiner, at eika saag ut som ein uhorveleg svær høystakk. Der maatte det vera lett gjort aa kliva uppetter greinerne radt tiltops, og hadde han havt tid, so skulde det vore løglegt aa prøva paa det. Det var altid svært moro aa koma høgt tilvers; for han var ikkje sullen, og fraa toppen av eika kunde han kanskje sjaa yver skogen og radt heim. Tenk heim! Han hadde so ofta, radt fraa det fyrste han kunde minnast, sote i loftsvindauga heime og sett innyver skogtopparne mot himleleite i aust, der sola og maanen kom upp som or eit gjøymsle og ørnar og ramnar og haukar sigldе innyver — og kor underlegt og furlegt det skulde vera aa sitja der i skogtopparne sjølv eingong som ein fugl og sjaa heimatt! Han sette sakerne sine fraa seg og sprang det litle stykkje upp aat eika. Han hadde god tid endaa, og han kunde daa altid prøva litt . . .

Jau, det var som han hadde trutt. Det var snart gjort aa koma uppyver hengjegreinerne, og sidan klara han det nokso lett fraa grein til grein uppetter leggen. Daa han var komen midtvegs upp, vart det verre og lenger millom greinerne, men naar han var komen so langt, var det sneplegt aa lota venda, og med noko stræv kom han yver knipetake. So gjekk det lettare att, og um ei stund sat han verkeleg heilt uppe i toppen, pustande og blaasande og sveitt i ryggen.

Her laag ris og mose et gamalt reid. Paa siderne av det kløyvde sjølve toppen seg ut i fire tjukke, buskutte greiner, og daa han klauv upp i den eine av dei og bøygde burt nokre lauvbuskar — daa hadde han fritt utsyn. Hu huy, so fykande høgt . . .! Det var so ein kunde svimlast av aa sjaa ned. Det var anna enn aa staa uppaa lømøne det! Han greip seg godt fast med beggje nævar for aa vera sikker. Men kor var no heime . . .?

Han glaamde utyver; men her var det ikkje som han hadde venta. Han saag ikkje heim — han kunde ikkje sjaa atti bøarne eingong. Furuhaugarne utanfor var so høge, at dei skjygde. Han vart litt lavøyrd; men det gjekk snart yver; for her var somen mykje aa sjaa likevel her paa høgda. Rundt ikring paa alle kantar kunde han

snaudt sjaa ein einaste flekk av marka. Det var berre skogtoppar, eit hav av bar og lauv. Nede millom greinerne var det skugge og djupt grønt; men burtetter alle dei høgaste topparne skjein kveldsola raud og glimande. Det var som hundrad av blanke torn, det eine høgare enn det andre, og uppyver denne raudnande skogen laag der raude skjyar yver heile austhimlen.

Gardar elder folk var derimot ikkje aa sjaa nokon stad. Det var som aa vera komen upp i ei onnor underleg verd aa sitja her — ei verd for seg sjølv til helvtan uppi skjyarne. Han vogga seg lett paa greina, medan ein linn vind strøymde svalande mot han, og der . . . sjaa der saag han eitpar kjøtmeisar flaksa nedunder seg! Uppyver fuglarne . . . huy . . . hurra! Og for eit eventyr det skulde vera aa fortelja dette til Sigrid og mor, naar han kom heim! Han braut ein kvist til aa ha med, so dei skulde ha syn for segn, at han hadde vore i eika, og so lagde han iveg nedatt. Det var ikkje paa naama nær so lett gjort som aa koma upp, og det tok ei heil tid; men han klara det likevel med nokorlunde heilt skjinn — um ikkje nettupp med heile broklaar.

So fann han i ein fart bærkopparne sine. No maatte han ikkje hefta det slag lenger, sa han til seg sjølv og pilta nedyver mot vegen att; men

han kunde likevel ikkje lata vera aa kramsa ned i lyngen etter bær av og til endaa. Medan han klauv og arbeidde, hadde bæra i magen »skaka saman«, so han no var svolten paa meir, og aa nekta seg aa smaka paa dei, naar han gjekk og vassa i berre bær, det var svært stridt. Han kramsa og kramsa, medan han gjekk, og sistpaa kom han aat ei stor tuva, som fekk honom til aa stoppa radt upp. I denne hadde han nok ikkje vore fyrr; for her var reint yverblaa; og so store og gode bær hadde han helder aldri funne fyrr. Du, so søte . .! Her *maatte* han eta seg fullmett, og medan han laag og grov i seg med beggje nævar, var det ein ting, han kom til aa undra seg paa. Skatru her var slik bærmengd fleire stader her i nærleiken, elder tru han nettupp hadde slumpa til aa finna den beste grøa i heile skogen med ein gong? Det skulde det vore moro aa visst til ein annan gong. Korleis tru var det uppi den lyngbakken ovanfor eika . .? Han gav seg til aa stira upp, daa han var mett av bær. Nei . . . no hadde han ikkje tid til aa sjaa etter det. Sola var no nedgjena og skugga uppi tretopparne for ei stund sidan, og han maatte daa aldri sleppa kvelden paa seg helder . . . Han skunda seg nedyver — men so fekk han auga paa ein

lynghaug burte paa den andre kanten *og,* og *den* var so underleg blaa, totte han . . .

Kva var det? Det kunde daa vel i alverda ikkje vera bær alt . . .? Han stirde og kunde ikkje halda seg lenger — han laut burt og sjaa. Det var daa dag ei lang stund for det, um sola var nede, gudbevars . . . Det var ikkje so *overhendigt* langt heim helder, og dette skulde ikkje hefta meir enn eit lite bitte minutt . . . .

I ei handevending var han burti haugen, og daa var det ikkje fritt for, at her var bær, her og! Tuva etter tuva, so det berre var smaating den fyrste grøa, han hadde funne, mot dette. Det var fraa blaane til blaane her liksom i eventyra. Her fekk han fint finna seg i aa gaa beint ifraa tuvor, der ein mest kunde gripa næven full i kvar buska; men her kom fleire dagar, og daa kunde han koma att, han!

No var han kjend i skogen. No skulde han ikkje vera fælen og krypen lenger. No kunde han gaa so tidt han vilde utan aa bry seg ein snus um Sigrid — no var det ingen vande! . . . Ja, naar ho saag alle bæra, han hadde funne so svindt, og høyrde um all denne rikdomen paa bær, so skulde ein nok høyra, at ho vilde vera med sidan um dagarne, um han ikkje bad henne det slag; men daa kunde han just hemna seg

dubbelt paa henne med aa *lura* seg avstad fraa henne og ha alle bæra aaleine!

Det snudde seg ovende bra alt dette. Han lo med seg sjølv. Men . . . hm . . . var det no verdt aa gjera det, lell — aa *lura* seg fraa Sigrid paa den vis . . .? Her var so mykje aa ta av baade aat tvo og tri, og var det so snildt gjort aa ikkje unna henne noko? . . . Han var vorten so glad og lett til sinns, sidan alt var gjenge so godt her i skogen, at han ikkje regtig kunde bera paa hat og hemntankar lenger, og han var snart vorten samd med seg sjølv um, at ho skulde faa vera med likevel, ho Sigrid, naar ho bad um det. Han vilde ikkje vera uvyrden. Ho var daa bra lell ofte, stakkar, um ho ikkje hadde vore det idag. Ja, dei skulde vera beggje, og der . . burtpaa den fine mosesteinen der, skulde dei sitja og kvila seg, naar dei hadde kopparne fulle. Der skulde dei byggja smaahus og ha sæter og. Aa, kor det skulde verta gildt! Moroa var daa ikkje fullgild, fyrr dei var tvo um det, lell . . . . Det var so gildt aa sjaa paa all denne rikdomen av bær, at han ikkje kunde snu um, fyrr han hadde vore fraa ende til ende paa haugen og set, og medan han tusla fram, kunde han ikkje halda seg for aa plukka ei hondfull her og ei der av dei finaste bæra og stikka dei i hua. Ho var

mykje yver halv fyrr, hua, og daa han no hadde fare heile haugen yver, hadde han paa denne vis lurt so mange hondfull uppi, at der feilte berre ein fjerdedel paa, at ho var radt full. Han stirde paa dette. Berre ein fjerdedel att, og snaudt det og . . . Naar det var so lite, som feilte, so vilde det vera snart gjort aa faa henne radt full og her i all denne mengden. Og *radt* full, beggje kopparne *smekkande* fulle . . . kor gildt og stort det skulde vera aa syna, daa han kom heim . .! Daa kunde han eta og dela med seg so mykje tryggare, og kor *brennande* snart . . . Sola hadde ikkje vore nede so svært lengje endaa, og denne heft . . .

Men han tenkte ikkje lenger paa heftinga og ikkje helder paa morgondagen, og kor let det kunde vera aa koma att daa. Han saag berre paa det litle, som feilte i hua, og dei lavande, lokkande tuvorne — det var ikkje til aa staa imot, og snart laag han paa knea att og reiv til seg med beggje nævarne, ustød av hastverk. Lyngblokkar fylde med aat hua i mengdevis, og visst makkar og; men Nils ansa ingenting. So var det helder ikkje lengje, fyrr han med gleda saag, at hua var full og rund som ei rullepylsa. Og so sprang han ende upp og foor nedetter skogen mot storvegen heimyver. Det var litt lenger, enn han

hadde trutt, gjenum buskar og bas, fyrr han saag vegen att; men der var han endeleg, og der var steinen, han var gjengen ut fraa, og alt greidt.

Hurra, no galdt det berre aa vera rapp paa foten, sa han til seg sjølv; men han vart likevel staaande og stirde litt forfjamsa — fyrst til ein kant, so til den andre. Her var beine storvegen ja; men kva leid skulde han gaa — var det til høgre elder tilvinstre, som bar heimyver? Han var vorten so fortumla av dette hovudstups hastverke med aa fylla hua aa springa paa kross og tvers ned gjenum buskarne, at aust og vest var gjengne reint i surr for han, og no var vegen so lik etter kor leida, at han ikkje kunde sjaa noko visst merkje paa, kor han var komen fraa. Men sola daa — han kunde retta seg etter der ho var gjengi ned beint vestyver heime. Sjølvsagt, tosken han var. Han saag uppyver seg; men daa var det ikkje so lett aa finna rettleiding der helder. — Det heldt nok paa aa skjya yver. Daa han var uppi eika, hadde han set, at der var raude skjyar yver heile austhimlen, og no var alt, han kunde augna av himlen millom tretopparne, jamnt yverskjya. Men skjyarne var ikkje lenger raude og blanke. Dei var folna og ljosegraa som vanlege kveldskjyar. Han hadde nok heft lenger, enn han hadde merkt, han. Og paa desse skjyarne

kunde han ikkje sjaa, kor sola var. Endeleg totte han, at han saag ein sterkare ljoske nede paa den eine kanten millom furutopparne; men daa han skulde til aa sjaa, var der ein ljoske likeeins paa andre kanten og. Kva var so etter sola? Skulde ein set paa det galnare . . .! Han heldt paa aa verta rædd, men umraadde seg med det same; for just daa fekk han auga paa noko aa retta seg etter. Derburte paa vinstre honda skar ein liten tverrveg seg inn i skogen fraa storvegen, og han mintest no, at han var gjengen framum ein slik liten veg, strakst fyrr han kom aat steinen her. Det maatte vera der, han skulde gaa — ja, ja, no saag han det greidt. Heile skogen snudde slik, at *det* bar heimyver. Der var nok ljosast i skjyarne *og* paa den leida. Underlegt, at han ikkje strakst saag det, som var so beintfram . . .

Trøystug og utan aa tenkja meir paa dette lagde han iveg i fullt sprang, og her paa jamne vegen kunde det muna, so det var noko. Furuleggjerne foor som eldingar bak um han. Her var det tette skogen att og portar aa gaa under, liksom daa han kom innyver; men kor underleg umskapt altsaman var no, daa sola var nede! Trea hadde liksom drege seg nerrare saman og hang liksom tettare utyver vegen, og der var vorte so underleg stilt — snaudt ei fluga aa høyra.

Inne i gangarne millom trea, der solflekkjerne glima, var det no berre jamn, graa mose aa sjaa, og her og der var det so sterk skugge, at det var heilt ut uhuglegt. Og her hadde han gjenge og seinka seg og ikkje set etter nokonting! Huff, det var uvarlegt aatfare, so langt i skogen; men just noko spelegt var det daa 'kje, lell. No bar det heimyver strake vegen, so han skulde nok snart naa aat grinda, tenkte han, og avstad bibba han. Skatru han ikkje snart skulde sjaa atti grinda og bøarne . .? Han tok alt til aa venta paa det, for kvar gong han kom fram paa eit leite; men der var ingen gong nokor grind aa augna . . . Hm . . . han hadde nok vore djupare i skogen, enn han vardest. Han hadde sakka paa sprange, men tok no paa, mest han vann att. Men endaa hadde han ikkje anna enn skog framfor seg — berre tett skog.

Dette tok til aa verta reint underleg drjugt, og so kom der noko endaa undarlegare. Best som han sprang, kom han aat ei bratt kleiv, som vegen gjekk uppyver, og nokor slik kleiv kunde han slettikkje minnast, han hadde sett, daa han kom innyver. Han stansa litt og undra seg. Snodigt . . . Men nokon annan veg enn her hadde han ikkje gjenge. Ja ja, han maatte ha gjenge i andre tankar og ikkje lagt merkje til,

korleis vegen saag ut — onnorleis kunde han ikkje skjyna det.

Uppyver kleiva foor han og vidare frametter skogen; men endaa inga grind aa sjaa, og so vart det underlegt att. Vegen bar med eit ut i ei rund opning midt i skogen. Der laag spøner etter hogging, og ut til høgre og vinstre gjekk tverrvegjer mest likso store som den, han fylde.

Kva i verda slags hendelse var dette? Han hadde nok set smaa tverrvegjer og opningar, daa han kom tilskogs; men noko slikt som dette kunde han endaa minder minnast enn nokor kleiv. Dette heldt paa aa verta uskjynelegt radt. Men det *var* daa beine vegen her, han var komen innyver likevel, og utan aa gjeva seg tid til aa brota hovude meir med slikt kringel-krangel, fylde han vegen tvers yver opninga og inn i skogen paa hi sida.

So gjekk det fint og beint frametter skogen att, og no *maatte* han snart koma aat grinda og bøarne, elder so var sjølve . . . Han var um aa segja, at sjølve Fa'n var i det; for dette vart so drjugt, at sinne fata i han. Han heldt seg likevel for aa segja det høgt, sidan han var aaleine i ville skogen; men anten han banna elder ikkje, so naadde han *endaa* inga grind, og paa same

tid var det liksom vegen var vorten so underleg smal . . .

Dette var som den reine trolldom. Han stansa sistpaa forpusta og forkava og saag etter, um han ikkje idetmindste skulde byrja aa kjenna seg att paa skogen; for han var daa bra kjend eit heilt stykkje innanfor grinda. Nei, ikkje det helder . . .

Her var ikkje anna aa gjera enn aa skunda seg vidare, og avstad foor han att. Han sprang paa spreng, han sprang av sinne, so bæra dansa i næverskrukka, og hua, som han hadde botte fast paa ryggen etter eit band, stod som ei rumpa beint ut i vere. Men dette var som aa laupa etter sin eigen skugge, og so kom han burtunder ein bakke att. Denne var mykje høgare enn kleiva herburte, og ikkje nok med det: vegen kløyvde seg her ut i eit kringelkrangel av smaavegjer, so ein ikkje kunde vita ut elder inn . . . . Han stansa og stirde som klumsa framfor seg. Det hadde vore underlegt lenger burti skogen, men inkjevetta mot dette. At den breide buvegen saag slik ut nokonstad, daa han kom tilskogs, det var *uraad,* og han fekk idetsame ein tanke, so han vart gloheit yver heile kroppen. Han mintest, han var i tvikik um vegen, daa han kom ut or bærtuvorne, og so hadde han kanskje teke galne leida — fare austetter skogen istadenfor utyver

mot grinda og heime. Den litle tverrvegen, han retta seg etter, hadde kanskje vore ein falsk tverrveg. *Det* var kanskje forklaaringa paa alt . . . .

Gu' hjelpe . . han skulde daa vel ikkje ha fare so vitlaust aat . . .! Han vart endaa heitare. Men nei, nei, det kunde ikkje vera raad, lell! Snudde ikkje heile verda soleis, at dette *maatte* bera heimyver? Jau, det gjorde ho, sa han til seg sjølv, og paa maa og faa sprang han uppetter bakken for aa sjaa, um heimen ikkje skulde liggja paa hi sida av haugen her. Nei — ikkje der helder. Berre endaa tettare skog burtyver, og medan han stod der paa toppen av bakken og stirde, fekk han auga paa ein ljoske i skyarne yver skogtopparne langt burte paa den kanten, han var komen fraa. Kva var det . .? Det saag ut liksom det skulde vera ljoske etter der sola var gjenga ned, og var det so, so var heime paa den kanten og.

Men sola paa den leida . .? Han stirde og stirde og vart uvissare etterkvart. Hm . . . kanskje det godt kunde vera so, at aust og vest snudde onnorleis, enn han hadde meint, lell. Og til meir han saag paa skjyarne, til greidare vart det, at det var ljoske etter sola. Der var ikkje lenger tvil um, at han var paa gali leid . . . .

Uff . . han vart so rædd, at det sette seg

som ein vond styng for bringa. Her var han sprungen langt og lenger enn langt austetter skogen, og naar dertil vart lagt det, han var gjengen, fyrr han kom aat bærtuvorne, kor langt var han so ikkje fraa heime! Kanskje ein halv, ein heil fjordung i ville skogen plittande aaleine — og so seint! Det hadde teket so lang tid dette, at det no ikkje berre var *skugge* i skogen: det tok alt liksom til aa skymra litt inne i holorne.

At han ikkje hadde brukt vite og set seg betre for! Han fekk skjelving i knea, han var nærved aa setje i aa graata av rædsle; men so-snart den fyrste støkken var yver og han fekk tenkja seg litt um, svelgde han graaten att med eit hardt rykk og manna seg upp att best han kunde.

Um han hadde forrent seg stygt, so var det daa ikkje verre, enn at det leet seg bøta. Han hadde beine, strake vegen for seg attende gjenom skogen. Endaa leid det ikkje lenger, enn at han kanskje kunde naa heim, fyrr det vart reint myrk kveld. Og no *visste* han, kva som bar heim, og skulde ikkje lenger vera plaga av uvissa. Naar det ikkje var verre, so var det daa ikkje til aa verta vitskræmd av, og han maatte ikkje vera kryp og graata som ein unge, sa han til seg sjølv so byrg som raad var. — So lagde han iveg

attende hardast han vann. Han kunde springa godt no etter stansinga. Holorne innunder trea tok til aa verta reint svarte og fælslege no her i tette skogen; men han saag korkje til høgre elder vinstre etter fælslege holor. Han berre sprang og var snart komen attende aat den litle runde opninga i skogen.

So Gu'skjelov — no var han alt her. Han stansa litt og turka sveitten, som no rann nedetter skallen. So naadde han snart aat bærtuvorne og heim *og,* sa han til seg sjølv; men just som han skulde til og byrja paa det, kom der eit fille spursmaal ivegen for guten att.

Daa han skulde sjaa, so gjekk der meir enn *ein* veg utetter skogen fraa den sida av opninga, som snudde mot heime. Der gjekk tvo, tri, mest like store alle. Og kvaforein var den rette? Kvaforein var det han fylde, daa han kom hertil? Det hadde han ikkje lagt noko sikkert merkje til . . . Rædsla heldt paa aa snikja seg yver guten att; men ho lagde seg snart att no og. Han fekk nettupp auga paa ein høg brakje burtved den midterste vegen, og han kom no ihug, at han hadde set ein slik brakje, daa han kom — sovidt han mintest.

Daa han saag betre etter, var han noko breidare *og* denne vegen enn hine. Det maatte

visst vera den rette, breide kuvegen. Han gjekk burt og saag betre etter, og daa uppdaga han, at heile vegen var full av gamle kufar. Aa, no hadde han det med ein gong! Desse var far etter kjyrne, daa dei gjekk tilskogs og heimatt i vegen her ivaar. Det kunde ikkje vera snakk um anna, enn at dette var rette vegen daa, og paa sprange lagde han iveg att. Vegen var ujamn og steinutt her, so han i farten støytte tærne sine tilblods nokre gonger; men han ansa det ikkje. Berre fort avstad, so fekk han sjaa til tærne heime. Han beit tennerne saman og spente i; men det vilde likevel ikkje bera so fort avstad no som fyrr; for han hadde no so lengje tana og sprunge, at krefterne minka. Han pusta som ein belg, sveitten sila og rann etter ryggen, og hjarta hamra so tidt som eit lommeur pikka. Huf . . skulde han halda paa soleis, kunde han koma til aa graata, fyrr han kom heim. Han laut bruka maate. Ja ja, kunde han berre halda ved med dette, til han var komen utum den kleiva, han hadde set herute i skogen, og bærtuvorne, so fekk han sidan gaa tolugare og kvila seg. Der var han nerrare heime og betre kjend, so det ikkje var so *fælt* spelegt, um det var noko myrkt. . .

Tru han ikkje snart skulde koma aat den kleiva att? Han visste ikkje av anna, enn at ho

var strakst utanfor den runde opninga i skogen, og no hadde han sprunge ei god stund; men nokor kleiv var ikkje aa sjaa. Det var radt ei fura . . . Han kava seg fram burtyver eit leite til . . endaa ikkje teikn til nokor kleiv . .! Vegen tok derimot til aa gjera ein underleg boge burtetter skogen, som han ikkje kunde vita av, at han saag sist. Var alt fortrolla og umskapt ikveld, elder . . han skulde daa vel ikkje vera paa villstraa no og . . . ha teke urett veg fraa opninga herinne . .? Nei, Gud hjelpe og bevare . . slikt kunde daa vel aldri vera raad ein gong til . . . Han sprang endaa eit stykkje i eitslags von; men daa fekk han med eit den fæle vissa for det, som han sytte for. Vegen gjekk radt i krok og kom ned i ein liten myrk dal. Paa hi sida av dalen gjekk vegen uppetter ein bratt bakke, og uppaa *den* stod nokre store, mosgrodde steinar nett som fæle dyre- og mannehovud . . . .

Her var han viss paa, at han aldri hadde vore fyrr, og hadde han stokke fyrste gongen, han var paa avveg, so stokk han no dubbelt. Han sette i aa graata høgt av rædsla. Det tok no meir og meir synbert til aa skymra — ikkje berre inni holorne under trea. Sjølv her i opne vegen var det ikkje fullt dagsljos lenger, og her stod han paa nytt lag langt paa avveg i ville skogen . . .!

Men bar det ikkje heimyver dette *og,* um det ikkje plent var rette vegen? Som eit ljosglimt kom denne vona; men likso svint slokna ho att. Vegen krøkte her til ein annan kant, og so var det uvisst, kor det bar av. Det kunde berre bera verre paa villstraa etterkvart . . . Han tok til aa skjelva gjenom heile kroppen av fæling og otte og seig pustande og yvergjeven ned paa vegsida og gret og ylte og krika seg i augo. Det maatte vera vegen paa den andre sida av braken derinne, som var den rette . . uh . . hu . .! Og inni holorne tok det alt til aa verta liksom fæle augo og andlet . . uh . . hu . .! Fader vaar . . korleis hadde han fara . . . hu . . u!

Men daa fekk han med eit ei ny von, so han sprang ende upp. Han kom ihug han Pera-Martin, som var tilsæters med kalvarne — han, som han litte so paa, daa han gjekk etter bær. Kanskje han var her i skogen nokon stad no paa heimvegen; for han hadde ikkje høyrt elder set'n fyrr . . . .

Han sette i aa huja og ropa paa'n av all magt, og stod so still og lydde etter. Nei, ikkje svar. »*Martin, Martin, Martin, hu . . hu . . y!*« Nei, endaa ikkje noko svar. Daa sprang han upp paa ein stein litt burtanfor og ropte endaa meir, skreik og huja paa Martin, so det gjorde vondt i

hals og bringa Gong etter gong ropte han slik, so Martin *maatte* ha høyrt det, sosant han hadde vore her i skogen nokon stad; men like stilt var det etterpaa. Det ljoma uppi fjelle etter hans eige rop — so ikkje meir, og han skjyna med det same, at denne vona var uvissare enn alt anna. Vegen fraa sætren gjekk ned so langt uti skogen, at det var uvisst, um ein kunde høyra ropa alt dertil — og kunde ikkje han Pera-Martin vera faren heim, medan han laag og bisla uppi bærtuvorne, elder medan han hadde sprunge solengje paa villstraa herinne? Ingenting var lettare; elder han Martin kunde ha gjenge ein annan veg og. Der var ein gjeitesti fraa sæteren nedetter fjella langt ute, som dei stundom gjekk. Hundrad andre stader enn her kunde han Martin vera . . . .

Han gav seg til aa yla og graata att; men kva hjelpte det til? Det var ikkje her liksom heime, naar han gret, for han hadde dotte og slege seg ein kul i hovude, og ho mor kom og bles paa det og sa stakkars Nils. Her var ingen til aa høyra han elder rettleida og tykkja synd i han. Skulde han koma ut or dette, so var der ikkje anna for enn aa berga seg sjølv og lita paa seg sjølv, og med dirrande bein sette han seg upp og samla alt det mod og all den kraft han

aatte endaa ein gong. Det var endaa ikkje myrkare, enn at han godt kunde sjaa aa koma fram, og naar han no skunda seg attende aat den runde opninga herinne og fann den rette vegen, so kunde det endaa verta ei berging, um det seinka fælt. Naar dette ikkje var rette vegen, so maatte det *utan tvil* vera den paa andre sida av brakjen, og han skulde denne gongen sjaa seg for, so han var viss . . . Med dette var han snudd um att. Han kunde no springa litt betre etter stansinga, og dei svarte holorne dreiv paa, so det bar avstad, som um han hadde sjølve Gamle-Eirik etter seg. Soleis var han snart komen aat den runde opninga att.

So — no maatte han fara vitugt aat.

Han gav seg djuptenkt til aa sjaa og sikta; men daa . . . dessverre . . . daa var det slettikkje so greidt her, som han hadde tenkt.

Der gjekk meir enn *ein* veg burtetter skogen paa den andre sida av brakjen, der gjekk tvo — og kvafor ein var den rette? Og daa han skulde sjaa betre etter, so var nok ikkje den brakjen noko merkje aa lita paa helder. Der var fleire store brakar ikring . . .

Og likeeins med dei kufara, han hadde litt so paa: han uppdaga no, at alle vegjerne var fulle av gamle kufar. Daa kom han paa eitt: um han

fann far etter seg sjølv i den rette vegen? Han stirde og stirde; men han hadde trøtt so lett, og der var dessutan so skymt burtetter vegjerne, at han ingenting kunde finna . . . Det vart berre meir flokutt og uvisst altsaman etterkvart. Ja, denne springinga og mase hadde gjort han so fortumla, at han ikkje visste regtig greida paa aust og vest lenger, og nokon ljoske etter sola var det uraad aa sjaa her i skogen. Og aa renna iveg paa det uvisse kunde ikkje gagna — det hadde han fengje nok av . . . Han var vorten rædd dei tvo gongerne, han var paa avveg; men kva var det mot no . . .? No kom rædsla for myrke, rame aalvore. Fyrr hadde det berre vore ein stubb veg aa springa attende; men no stod han her midt i djupe skogen, medan det myrkna, og visste ingen veg — korkje ut elder inn!

Støkken greip han so, at han ikkje kunde graata eingong. Han berre sprang villt i ring og i ring og stirde, so augo verkte i hausen, um han ikkje *endaa* skulde finna noko aa retta seg etter. Nei — ingen, ingen ting, og han var sistpaa so utmasa, at han snofla ikoll i ein liten kvist. Soleis vart han liggjande og gav seg av skræmd til aa ropa og skrika paa han Pera-Martin att og folka heime. Men han Martin svara ikkje meir enn fyrr han, og endaa minder von var der um, at

dei skulde høyra han heim — so *skræmeleg* langt. Det einaste, han høyrde, var nokre ramnar, som vart skræmde upp og foor skrikande burtyver skogen . . .

So vart det stilt, daudstilt att. Fælslegt stilt, medan det vart fælare og fælare med myrkre burtetter skogen. Det drog seg liksom innyver han fraa alle kantar . . . verre og verre, medan han ingenstad kunde koma. Og kva vilde det ikkje verta, naar det myrkna endaa meir?

Han fekk slik skjelving, at han snaudt kunde raa' med seg, og bringa snørde seg saman, so det mest vilde ta pusten.

Naar han fyrr stundom um kveldarne hadde sote i omnekroa med Sigrid, og dei hadde prøvt aa tenkja seg noko regtig fælslegt og fælt, so hadde dei snaudt visst noko verre aa nemna enn aa tulla seg burt i ville skogen aaleine og faa nott og myrke paa seg — og no var han verkeleg komen ut i slikt. — Det var so fælt, at det snaudt var til aa tru; men det var likevel den skræmelege sanning, og altslags fælslege ting, som han altid fyrr hadde tenkt seg i skogen her og fortalt til Sigrid um, steig no fram for minne som vonde styngjer. Ho skulde berre vita, at han no laag hjelpelaus midt inne i alt dette, ho . . . ho og ho mor og allesaman . . .!

Tanken paa dette tok honom so hardt, at graaten losna att, og heile skogen tok liksom til aa skjelva upp og ned for augo hans . . .

Ja berre dei hadde visst, kor han var! So kunde det henda, dei hadde kome og leitt og ropt etter han, naar dei saag, at han ikkje kom heimatt. Men korleis kunde dei vita, at han plent var i skogen? Han hadde ikkje sagt med nokon, kor han vilde av. Minst av alt drøymde dei vel um, at han var so endelaust djupt i skogen, og han kunde paa den vis koma til aa tumla hjelpelaus her heile notta . . . Heile notta . . . han hadde fyrr ikkje tenkt so langt fram; men no, daa det kom, var det so fælt, at han sprang ende upp att og sette i aa ramskrika og fara i ring. *Heile notta* . . . nei, det heldt han aldri i sitt liv ut! Han *maatte* finna paa ei raad og ikkje gjeva seg yver, kva det skulde kosta! Berre han kunde koma ut or denne fæle skogen eileis, so fekk det vera det same, um han ikkje plent fann rette vegen heim — og naar han no fylgde ein av vegjerne og berre gjekk, gjekk og ikkje brydde seg um, kva leid det bar — maatte han so ikkje *eingong* koma or skogen . . .? Og kom han or skogen, so maatte han vel finna gardar og folk einkvarstaden . . .? Dette kveikte eitslags von i guten att, og avstad sette han etter den

fyrste den beste vegen paa den sida, som han hadde liksom ein tanke um skulde snu heimyver.

Næverskrukka sette han etter seg; men hua, som hekk fast paa ryggen, fylgde med.

Det var utrulegt, so myrke og fæle avholor og svelg der vart paa beggje sidor, sosnart han var komen eit stykkje burti skogen fraa opninga. Det var so haare kunde reisa seg paa hovude; men her gjek det ikkje an aa vera blaut og snu um for nokoslag; her fanst ikkje anna aa gjera. Berre han kom med live utor denne fæle skogen, so fekk han herda alt! Berre han ikkje maatte møta noko endaa verre — —! Han tok til aa be til Vaarherre um hjelp — han tok til aa lesa høgt: Fader vaar, du som er i himmelen. Helliget vorde dit navn . . og gjev det ikkje maatte verta altfor drjugt, til han kom or skogen! Til os komme dit rige . . . nei Gu' hjelpe . . . slikt eit kolmyrkt hol der . . .! Giv os idag . . . nei det var »Ske din vilje«, som kom no . . . Ja: Ske din vilje, som i himmelen . . . var det noko, som røyvde paa seg burti den svarte busken . . .? Saa og paa jorden, giv os idag vort daglige brød . . . øy, øye meg, kor han støytte dei saare tærne . .! Soleis las han heile Fadervaare og dei tri trues artiklar, ja endaa til det stykkje, som byrja so: »Det bør sig en biskop at være ustraffelig —

dette hadde han til utanboksleksa no, til skulen kom att — og han lova med seg sjølv, at vart han berga denne gongen, so skulde han aldri meir koma aat denne fæle skogen og trengja um aa be um slikt — aldri meir! At han nokon gong var komen her! Kvifor var han ikkje rædd for aa gaa aaleine idag liksom fyrr? Kunde han ikkje ha skjyna, at det var spelegt . . .?

Ja . . . men hadde det vore so spelegt likevel aa gaa tilskogs, um han var gjengen fraa bærtuvorne, medan det endaa var dag, og han hadde sola aa retta seg etter . . .? Dette spursmaale kunde han ikkje halda fraa seg, og svare var altfor greidt. Det kunde ha gjenge godt alt, og han kunde kome heim med god dag, hadde han ikkje vore so stornøyten paa bær. Og slik hadde han stellt seg, medan han kunde kome att etter bær imorgon den dag! Det var so ille, at det aldri var til aa tenkja paa . . .

— Han orka ikkje aa springa no lenger; han berre tusla og gjekk hardast han vann, medan vegen gjek i jamne bugter upp og ned. Etterkvart som han trøyttna og det skymra meir, kunde han helder ikkje tenkja klaart paa nokon ting lenger, og han saag ikkje etter noko anna enn vegen beint framfor seg. Sistpaa gjekk han lange stunder mest som i ei ørska og hadde berre

ei kjensla av noko underleg tungt og fælt ikring seg og bak seg, som han maatte røma unda, og daa vegen eitpar gonger kløyvde seg i tvo, tok han den eine av vegjerne utan aa bry seg meir. Ein gong vart han so trøytt og tung, at han sette seg ned paa kanten av vegen og grov andlite ned i lyngen og laag ei stund; men so vart kjensla av myrkre og det fæle, han havde bak seg, so sterk, at det dreiv han upp att.

So gjekk det jamt framyver att, langt og lengje. Det var vill skog som fyrr, og han vaaga helder ikkje aa venta noko umskifte endaa paa fælt lengje. Men underleg nok, daa tok det med eit til aa verta umskifte. Vegen gjorde ein stor krok, og so tok det til aa grisna og ljosna litt i skogen framfor han . . . Gud i him . . . det bar daa vel ikkje utor skogen longe . . .! Vona gjekk gjenom han som ein styng, han var med eit ljosvaken att og sette paa sprange framyver eit stykkje . . . Nei, det bar ikkje utor skogen endaa. Det var berre ein open bakke, noko større enn den opninga herinne. Paa den andre sida stod skogen høg og myrk att; men daa han kom burtaat, saag han, at det ikkje lenger var so tett skog som fyrr. Og daa han var komen burt i skogen eit stykkje fraa bakken, tok vegen til aa verta mykje breidare enn fyrr. Han hadde vore so

smal sume stader herburte, at det var mest berre som ein gjeitesti; det hadde stundom vore berre sovidt han saag 'n i halvmyrkre, men no var han vorten so breid, at det saag ut som ein kjøyreveg. Og breidare vart han etterkvart; for der kom av og til sidevegjer og gjekk ihop med 'n. Det saag idetheile ut som ein storveg beint heim tilgards einkvarstaden . . . og so var det kanskje ikkje so langt att til folk helder! Den same styngjen av von, som han hadde kjent herburte, kom no att og gjekk som ein varm straum gjenom han. Det var no so myrkt, at det kanskje ikkje vilde myrkna so mykje meir, og skogen var endaa bussen og fæl; men han saag snaudt lenger, at det var fælslegt rundt ikring. Dette besna — kva var myrkre daa aa bry seg um! Han berre skritta paa, alt han orka, og det synte seg snart, at den breide vegen ikkje hadde gjeve han falske voner. Med eit veik skogen tilside paa beggje sidor, og han saag ein steinmur og ei grind framfor seg i halvmyrkre. Utanfor var der opne bøar, og langt burte skimta han ei klyngja av graa hus paa ein gard! Han hadde sonerre sett ut eit rop av gleda. Han var berga or den fæle skogen og komen til mannar! Gud skje lov! . . .

Men kva var no detteher for ein gard, tru? Han stansa litt og saag paa det . . .

Daa han sprang fraa den litle opninga langt burti skogen, hadde han endaa liksom ei vissa um, kva kant heime maatte liggja paa, og at han gjek mot rette leida idetminste, um det ikkje var rette vegen; men sidan var han ikkje viss paa, um han var paa leida eingong; for vegen gjorde krokar her og der. Daa han var komen eit stykkje fram, hadde han ei kjensla av, at det bar mot sud istadenfor vest mot heime, og etter han hadde kvilt, var det radt som um det bar austyver, mot grenda paa den kanten av skogen. Men nokor vissa kunde han ikkje ha, og bar det til folk, so fekk det vera likegodt *og*, kor det var. Han tenkte sistpaa ikkje meir paa det, alt til han kom inn paa den breide kjøyrevegen. Daa fekk haa att denne kjensla av, at det bar mot aust, og no, daa han saag denne Garden, vart han mest viss paa det. Her saag nemleg ikkje slik ut, at det kunde vera Husebø elder nokon annen gard der i grenda. Her snudde alt onnorleis enn der. Her var høge fjell paa *den* kanten og ikkje paa *den* liksom heime, og skogen snudde heilt onnorleis til bøarne *og* her. Det kunde aldri vera anna enn ein av gardarne i austgrenda . . .

Ja ja, han fekk nok altid hus og mat til imorgon, naar folk høyrde, at han hadde tulla

seg burt, og so fekk han faa einkvar til aa fylgja seg heim imorgon.

— Han var no komen burt aat muren og hoppa yver, og so tok han paa sprange burtyver bøarne. Han var so lett og glad no, at han snaudt kjende trøyttleik; men daa han nærma seg husa, sakka han paa farten endaa ein gong likevel. Han saag ikkje ljos i vindaugo nokon stad, og der var helder ikkje teikn til folk aa sjaa elder høyra burtved husa. Dei maatte ha lagt seg og sov. Ja, det var daa helder ikkje anna aa venta. Det leid kanskje alt mest mot midnott. Men korleis skulde han so bera seg for aa koma inn og faa husrom nokon stad? Det var eit litt vandt spursmaal. Skulde han klamra og banka paa stovedøra einkvarstaden, til folk vakna og kom ut, elder skulde han gaa beint inn og vekkja folk, um der ikkje var attlæst? Hm . . . korkje det eine elder det andre likte han regtig; men eitt av det laut han vel lell. Det var ikkje visst, kvaslags folk, som budde her, og dei vilde kanskje ikkje verta blide, naar ein slik villframande gut kom og gjorde braak og skræmde dei upp midt paa notta og tagg etter hus. . . .

Han stansa radt upp burtved det fyrste huse, han kom aat. Gjev her helder hadde vore folk

uppe! Han stirde og stirde; men nei . . . Men skulde her ikkje vera hund, her liksom heime, som kunde gjøy, so folk vakna og kom ut? Det vilde og vera mykje gildare. Han tok til aa trø hardare og harka og plystra, so hunden kunde høyra det; men nei somen, her fanst ikkje hund aa høyra helder. Her var i det heile ingen verdsens ting aa høyra, ikkje ein katt, som jamla, ikkje ei høna, som kakla, ikkje ein fugl eingong. Der var kurt, liksom der ikkje fanst liv paa garden. Berre husa stod der store og myrke som ei klyngja av store, mosegrodde steinar i utmarka. Kva i verda slags underleg gard kunde slikt vera? Det maatte han spyrja seg sjølv, og han kunde ikkje for, at han sistpaa vart radt fælen, der han stod. Han kom med eit ihug altslags fælslege sogor, han fyrr hadde høyrt, um huldregardar og trollhus, som folk skulde ha raaka paa i skogarne, naar det var myrkt . . . og der skulde daa vel ikkje vera noko bakvendt ved denne daudstille garden liksom ved so mykje av det, han hadde upplivt i skogen ikvel? Uff . . . Han stokk so ved berre tanken paa slikt, at han vart heit; men nei, nei, ho mor og skulemeistaren og alle hadde sagt, at det var berre lygn og fanteskap alt slikt um trolldom. Daa maatte han ikkje vera so tosken, at han trudde paa slikt noko no

helder, sa han til seg sjølv og gjorde seg so hard og modug, han kunde. Det var nok Folk, som budde her. Det maatte berre lida so langt paa notta, at alt laag i djupaste sømn, og naar det ikkje var onnor fura, so fekk han vaaga vona og banka paa ei dør.

Dermed tok han modug til aa gaa att.

Det huse, han var komen burtaat, stod noko for seg sjølv paa denne sida av tune, og daa han var komen framum det, saag han, at det hadde ei stor opa dør i den enden, som snudde mot Tune. Det saag ut til aa vera eit vedskjol . . .

Men kva var dette for noko underlegt? Han stansa og glaamde forbina paa vedskjole. Daa han skulde til aa sjaa — og sumarnotta var ikkje myrkare, enn at han godt kunde sjaa utlinorne av alt — so var dette vedskjole i eit og alt so likt vedskjole heime paa Husabø, at der snaudt fanst skil aa sjaa. Dørstokken var høg her som der, og utanfor døra stod ein stor stabbe med ved paa eine sida liksom heime. Der var ein stor open glugg uppyver døra liksom heime, og dette huse stod nettupp for seg sjølv liksom vedskjole heime. Det var daa furlegt . . . Han totte sistpaa, at her var liksom ei underleg velkjend lukt og; men det var vel berre av veden, som lukta likt allestader. Og kanskje det var skikk, at dei

bygde vedskjola likeeins paa alle gardar og. Han gjekk eitpar stig nerrare for aa sjaa endaa betre; men nettupp idetsame høyrde han noko, so han ikkje fekk tid til aa undra seg meir paa dette. Der lyddest liksom fotstig burte millom husa . . . Kvaslag, var her folk uppe endaa, likevel? Glad snudde han seg fraa døra og foor nokre stig fram. Jau verkeleg, derburte kom eit kvinnfolk gaaande; men kva . . . Han hadde ikkje fyrr fengje auga paa henne, fyrr han stansa att og vart staaande og stirde usikker. Han hadde vore paa veg til aa ta fælska til seg, daa han ikkje saag folk, han; men no, daa han endeleg saag nokon, var det ikkje stort betre. Kvinnfolke var stort og høgt og bikande svartklædd som eit byskje. Hovud og hals hadde ho inntulla i eit stort, svart plagg, sovidt han kunde sjaa i myrkre, og ho gjekk underleg stilt og med andlite djupt mot marka. Slik steig ho fram, til ho var koma midt paa tune, og so stansa ho og gav seg til aa stira og glo burtyver og mumla med seg sjølv av og til. Og so tok ho til aa reika att og fram der . . . Han hadde, so han sjølv snaudt visste av det, drege seg attende etter bake aat døra paa vedskjole, og der vart han staaande ljodlaus.

Kva i verda var slikt for eit menneskje, og kvifor gjekk ho soleis og skapte seg og mumla um

notta som eit skræmsle? Han kunde ikkje finna vit elder meining i slikt, og ho saag helder uhuglegare ut, til lenger han saag paa henne. Det var slik, at han radt for aalvore tok til aa koma ihug trollskap og tussefolk og skrymt att. Uff — og sjaa no tok ho til aa glo att. Han kjyvde seg tett innunder veggen og vart so underleg i knelederne . . .

Men fader og Jesus, nei — han maatte ikkje vera tosk no meir enn fyrr og tenkja paa sovore! Han var komen ut or skogen og vildringa no og maatte kje vera blaut, sa han til seg sjølv og skaut hjarta upp i live alt han orka og tenkte paa alt, som godt var. Dette hjelpte noko; men um det var eit regtigt kristelegt menneskje aldri so mykje, so var ho so underleg fælsleg, at han ikkje kunde faa seg til aa gaa burt og gjeva seg tilkjende, fyrr han saag fleire folk og; for naar *ho* var uppe endaa, so kunde der vel vera fleire uppe og.

Medan han stod og venta paa det, løyste han av seg bærhua paa ryggen og steig ljodlaust innum dørstokken i vedskjole for aa setja henne der tilmorgons, og daa det var gjort, vart han staaande der og kika ut. Men dette var liksom daa han venta paa aa høyra hund for eit bil sidan. Her var ikkje den minste ljod av andre folk aa høyra. Berre det underlege kvinnfolke stod derburte og

kopte og kopte og snudde paa seg og mumla av og til -- stundom var det radt liksom ho sukka tungt og.

Skulde nokon set paa maken? Aldri i si tid hadde han set slikt, og han fekk idetsame ein ny, stygg tanke. Um det var ei verkeleg kjæring, so var det kanskje slettikkje ei, som høyrde heime her paa garden. Kanskje det var eit framandt fantekvinnfolk elder slikt noko, som foor her og luska um notta, medan alle folka sov, og vilde stela? Han hadde ofta høyrt snakk um slike, og det var ho just lik til, denne og . . . Men det var ikkje berre tjuvri, han hadde høyrt um slike fantefolk. Dei skulde ikkje vera gode aa raaka helder, naar dei foor soleis og luska i myrkre. Dei skulde bera paa tolekniv . . .

Ein blind otte tok honom att, og han drog seg andpusten burt i den eine kroa ved sida av døra. Tru ho ikkje snart skulde gaa, so han kunde faa springa burt aat ei stovedør og sleppa inn til folk? Tosken han var, at han ikkje skunda seg og gjorde det, fyrr ho kom . . . Der var ei glira i bordveggen, og han kika ut. Nei . . . ho var der endaa. Jau — der tok ho endeleg til aa gaa, men ikkje attende den vegen, ho var koma. Ho kom beint burtyver mot denne kanten. Kvaslag — ho vilde daa vel ikkje koma her aat

vedskjole? . . . Jau so for alt vondt! Der stemnde ho beint mot døra! Kom ho inn, so kunde ho snart finna han her i kroa og, og hadde han vore rædd for aa raaka henne utpaa tune, so var det dubbelt ille, um ho skulde finna han her i myrkre paa luring etter seg. Daa var det likare aa setja beint ut og opendaga seg, fyrr ho kom; men just som han stod paa nippe til det, var det forseint: kvinnfolke var alt i døra og skreva innyver dørstokken! Og so tok ho til aa kramsa med nævarne nedfor seg og burtyver mot kroa, han stod i, liksom ho leitte etter noko.

Gud hjelpe og trøyste oss . . . dette var ikkje betre, enn daa han var uti skogen. Han vart brennheit att og vaaga snaudt aa anda, medan han i kvar blinken venta paa, at ho kunde kramsa radt burt i føterne hans. . . . Gluggen — tru det kunde vera raad til aa springa ut der? Nei, der var altfor høgt. Helder ikkje vaaga han aa ropa paa folk; for kven kunde koma snart nok til hjelp, naar alle laag og sov? Men um han prøvde aa smetta ut døra forbi henne, medan ho laag og kramsa, og so fljuga burt aat stova . . .? Nei, endaa var ikkje det helder raadlegt — ho var so nerre døra; men drog ho seg berre litt lenger inn . . . Dette var einaste vona. Han tok til aa be til Gud um hjelp til detteher; men just idet-

same snudde kvinnfolke seg braadt mot kroa her att, og ei stor, kald hand kramsa beint burti dei berre leggjerne hans.

Han sette i eit vitskræmt skrik med det same og slog fraa seg med magt, og kvinnfolke skreik mest likso høgt og foor skræmt attende. So sette han paa live laust ut gjenom døra; men i same farten kom kvinnfolke etter og treiv han i aksla og heldt han fast.

»Er det du, Nils . . .? Men gudbevare meg gut, kva er dette for ei aatferd, og korleis er du komen her, elder kva stend du her for?« ropte ho skræmd og forbina, og du store under — daa han skulde til aa høyra, so var det store, fælslege kvinnfolke ingen annen enn hans eigja mor! Skulde han tru seg sjølv . . .? Han vart staa-ande og stirde paa henne med uppspilde augo og kunde ikkje faa fram eit ord, daa ho mor spurde uppatt, kva som var kome aat han. Her var dei gjengne urolege og illhuga alleihop og hadde spurt og leitt etter han, daa han ikkje kom heimatt til leggjingstid, sa ho, og so stod han her i ei kro i vedskjole! Hadde han gjort noko vondt elder gjort seg sjølv noko ilt?

»Nei . . . eg hev ikkje gjort meg noko . . . men . . . korleis er *du* koma her . . . paa denne garden . . .?« stama han endeleg fortumla og himmelfallen.

»Kva segjer du, gut . . . paa denne garden? Er du tullutt, elder kanskje du hev sove og ørskar? Er me ikkje heime?« spurde ho mor meir og meir forbina.

Heime . . . var han heime paa Husabø . . .? Han stirde ikring seg med uppspilde Augo — og under paa under — daa han etter dette saag paa garden, so hadde alt snutt seg, og han var verkeleg heime. Der stod fjella i nord og skogen i aust, der stod løda og dei andre husa paa rette staden, og det litle vedskjole, han hadde undra seg so paa, var vedskjole heime! Han hadde slumpa til aa finna rette vegen heim aat grinda, og det var berre i hovude hans, at verda hadde snutt bakvendt! — —

Ei stund etter stod Nils lavøyrd og fortumla inne ved omnen — han hadde nettupp fortalt, kor han hadde vore so lengje, og ho mor kveikte i ljos. Daa saag han, at det leid berre til klokka ti istadenfor yver midnott, som han hadde trutt, og grunnen til, at det var so stilt her i det austre tune paa garden, var den, at allesaman so nerre som ho mor var gjengne nedetter gardarne paa leiting og spyrjing etter han. Dei hadde ikkje drøymt um, at han var gjengen aaleine tilskogs. Dei sytte helder for, at han kunde ha gjenge ned aat fjorden og kome til noko ilt der; dei visste nem-

leg, at han stundom fyrr hadde gjenge derned og vore utpaa og rott saman med smaagutarne paa strandgardarne. Sjølv ho Sigrid og hunden var med dernede, og det ho mor hadde set so etter utpaa tune, det var, um dei ikkje snart skulde koma att med han. Og det ho hadde kramsa etter i vedskjole var spøner, som ho hadde henta uppi forklæde til aa ha under Kaffikjelen imorgon. Og det svarte, ho hadde kring hovud og hals, det var berre det store ullplagge, som ho ofta hadde paa seg, naar det var kaldt, elder ho hadde tonnverk!

Det var so mykje underlegt, at han sistpaa stod berre og klaadde seg i hovude. —

Men korleis var det, han saag ut? — —

No uppdaga ho mor, at han var bleik som eit lik og so underleg i augo og utsliten og sundriven paa klærne, at han var mest ikkje til aa kjenna att. Ho vart heilt rædd og tok til aa spyrja etter betre greida paa skogferda hans; men daa var han so utmasa og ende, at han seig som valen ned i ein krakk og smelta i graat, so han ingenting kunde segja.

Ho mor hjelpte han tilsengs.

Depotbiblioteket
76g0 92 047

RASMUS
LØLAND
—
UNGAR